



Detaljregulering Måløy Stormarked PlanID (1439)201505

Vågsøy kommune

Planomtale med konsekvensutgreiing og
ROS-analyse

FRAMLEGG TIL OFFENTLEG ETTERSYN





Vågsøy kommune

**Detaljregulering Måløy Stormarked, Vågsøy
kommune
PlanID (1439)201505**

Dato	29.01.2018 Rev1: 06.07.2018 Rev2: 11.10.2018
Utarbeidd av	Janicke Svendal og Jane Berg Solheim
Kontrollert av	Jane Berg Solheim og Monica Humlestøl
Godkjent av	Janicke Svendal
Status	Forslag til offentlig høyring
Rapport nr.	2016009-01
Oppdragsgjevar	P.G. Franzen Eigedom AS
Foto framside	iVest Consult as



Strandgata 15
6905 Florø
Telefon: 97 62 70 00
E-post: post@investconsult.no
www.investconsult.no

SAMANDRAG

Føremålet med planen er å legge til rette for utviding av eksisterande kjøpesenter – Måløy Stormarked. Utvidinga er planlagt i tilknytning til eksisterande bygg, med etablering av parkeringsareal i område som i dag er regulert til friområde. Det har vore vurdert tre alternative løysingar for parkering i planprosessen:

- 1) overflateparkering
- 2) parkering under terreng
- 3) parkering under påbygg/utviding av bygg

Etter ei samla vurdering både teknisk, funksjonelt og økonomisk er det konkludert med at alternativ 1 - overflateparkering - som er best eigna for utvida parkering ved Måløy Stormarked. Planforslag er utarbeidd basert på dette alternativet for parkeringsprinsipp, og det er dette alternativet som er konsekvensutgreidd.

Vidare er det i planen lagt til rette for utbetring av kryss frå Rv15 til Myrane, omlegging/utbetring av tilkomst til eksisterande bustader, fortau langs kommunal veg frå riksvegen og fram til Måløy Stormarked, omlegging av tilkomst til kommunal pumpehus, samt etablering av turvegar langs Deknepollvatnet nordover til nærliggande forretningsområde (matbutikk og bensinstasjon) og austover fram til spissen på neset nord for Stormarkedet.

Planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing etter §§ 2, 3 og 4 i Forskrift om konsekvensutredninger, 2015. Då planarbeid vart starta og planprogram godkjent før ny lov trådte i kraft, er det eldre forskrift som er gjeldande, jfr. overgangsreglane i Forskrift om konsekvensutgreiing av 01.07.2017, §39. Av planprogrammet går det fram at følgjande tema skal konsekvensutgreiast:

1. *Landskap og estetikk*
2. *Naturmiljø/naturmangfald*
3. *Kulturmiljø*
4. *Friluftsliv og nærmiljø*
5. *Folkehelse/born og unge/funksjonshemma og eldre/universell utforming*
6. *Strandsone/sjø/vassdrag*
7. *Infrastruktur og trafikktryggleik*
8. *Stadutvikling, kjøpesenter*

I konsekvensutgreiinga er det konkludert med at realisering av Detaljregulering for Måløy Stormarked vil ha frå middels negativ konsekvens (friluftsliv) til middels positiv konsekvens (infrastruktur og stadutvikling). Samla konsekvens av forslag til Detaljregulering, utan avbøtande tiltak, vil vere ingen/liten negativ konsekvens i området.

Det er innarbeidd avbøtande tiltak i reguleringsplanen for å dempe konsekvensane av tiltaket, og det er lagt vekt på landskapstilpassing og estetikk i utforming av planen, og gjennomføring av trafikktiltak og friluftstiltak.

1. INNLEIING	3
1.1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET	3
1.2. LOKALISERING.....	3
1.3. GJELDANDE PLANAR.....	3
2. PLANPROSESS	4
2.1 PLANOPPSTARTSMØTE OG MEDVERKNAD I PLANPROSESS.....	4
2.2 AVGRENSING PLANOMRÅDET.....	4
3. VIKTIGE OMSYN I PLANARBEIDET	5
3.1 NASJONALE FØRINGAR	5
3.2 REGIONALE FØRINGAR.....	7
3.3 KOMMUNALE FØRINGAR.....	8
4. PLANOMRÅDET - DAGENS SITUASJON	9
5. SKILDRING AV PLANFORSLAG.....	12
6. ROS-ANALYSE	15
6.1 INNLEIING.....	15
6.2 METODE FOR VURDERING AV HENDINGAR	15
6.3 SJEKKLISTE – IDENTIFISERING AV RISIKOFORHOLD.....	17
6.4 VURDERING AV IDENTIFISERTE RISIKOFORHOLD I PLANOMRÅDET	18
6.5 VURDERING AV UØNSKTE HENDINGAR OG AVBØTANDE TILTAK	19
6.6 OPPSUMMERING ETTER UTBYGGING MED TILRÅDDE AVBØTANDE TILTAK	23
7. KONSEKVENSGREIING	25
7.1 PLANPROGRAM.....	25
7.2 TEMA SOM SKAL KONSEKVENSGREIAST	25
7.3 METODE KONSEKVENSGREIING	28
7.3.1 <i>Datainnsamling</i>	28
7.3.2 <i>Metode</i>	28
7.4 ALTERNATIV 0	28
7.5 VURDERING AV ALTERNATIV	29
7.6 KONSEKVENSGREIING	30
7.6.1 <i>Landskap og Estetikk</i>	30
7.6.2 <i>Naturmiljø/Naturmangfald</i>	31
7.6.3 <i>Kulturmiljø</i>	32
7.6.4 <i>Friluftsliv og nærmiljø</i>	33
7.6.5 <i>Folkehelse, born og unge, funksjonshemma og eldre, universell utforming</i>	34
7.6.6 <i>Strandsona, sjø og vassdrag</i>	35
7.6.7 <i>Infrastruktur og trafikktryggleik</i>	36
7.6.8 <i>Statutvikling, kjøpesenter</i>	38
7.6 SAMLA KONSEKVENSGREIING.....	41
7.8 FORSLAG AVBØTANDE TILTAK.....	42
8. INNKOMNE MERKNADER VED PLANOPPSTART OG HØYRING AV PLANPROGRAM	43
9. PLANDOKUMENT / VEDLEGG	46
10. REFERANSER.....	46

1. INNLEIING

Vågsøy kommune har godkjent igangsetting av planarbeid for detaljregulering med konsekvensutgreiing for Måløy Stormarked i Deknepollen.

Planarbeidet skjer i regi av P.G. Frantzen Eigedom AS. Planforslag med konsekvensutgreiing, Føresegn og plankart, er utarbeidd av iVest Consult as ved Janicke Svendal (oppdragsansvarleg) og Jane Berg Solheim (oppdragsmedarbeidar). Arkitektoniske vurderingar er utført av Aaland Arkitektkontor AS.

1.1. Bakgrunn for planarbeidet

Bakgrunn for planarbeidet er å kunne utvide eksisterande kjøpesenter til å huse ny leigetakar, og naudsynt utviding av parkeringsareal. Samla størrelse av planlagt kjøpesenter etter utbygging blir kring 9800m².

1.2. Lokalisering

Planområdet er lokalisert i Deknepollen, på sørsida av Deknepollvatnet, og aust for Rv15, i Vågsøy kommune. Området er markert med raud ring.

1.3. Gjeldande planar

Kommuneplan

I kommuneplanen sin arealdel for Vågsøy kommune, av 27.11.2002, er hovuddel av området avsett til framtidig- og noverande område for industri (område I2), og LNF-område (sjå fig. 2).


Framtidig sti rundt Deknepollvannet er lagt inn i arealdelen til kommuneplanen. Kommuneplanen stiller krav om utarbeiding av ny reguleringsplan i området.

Reguleringsplanar


Eldre reguleringsplan for området, Reguleringsendring Degnepollen gnr. 107 og 108 (vedtatt 29.11.88), har avsett areala til kombinert merkantilt/industri, friluftsområde og køyreveg (sjå fig. 3). Ny plan vil erstatte delar av eldre reguleringsplan for området.

Aktuelt planområde er omfatta av følgjande gjeldande reguleringsplanar:


- *198807*: Reguleringsendring Degnepollen Gnr. 107 Bnr. 108, datert 29.11.1988.
- *198201*: Reguleringsplan for Degnepollen, datert 17.03.1982.
- *199702*: Reguleringsplan for Myrane/Oksholen, datert 19.03.1997.



Figur 1: Utsnitt av kart som syna lokalisering av planområdet (iVest Consult as).



Figur 2: Utsnitt av kommuneplanens arealdel for området (Vågsøy kommune).



Figur 3: Oversikt over gjeldande reguleringsplanar i området (Vågsøy kommune).

2. PLANPROSESS

2.1 Planoppstartsmøte og medverknad i planprosess

Det vart gjennomført planoppstartsmøte med Vågsøy kommune den 29.10.2015. Der vart det vurdert at det i planprosessen skal utarbeidast planprogram og at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing då forslaget er i strid med gjeldande kommuneplan, og tiltak ikkje er i samsvar med rikspolitiske og fylkespolitiske bestemmelser for kjøpesenter, jfr. Forskrift om konsekvensutreiing frå 2015, §§ 2, 3 og 4.

I planoppstartsmøtet vart planprosess og tema som skal særskilt vurderast i planarbeidet drøfta og avklara. Viktigaste utgreiingar vert knytt til landskap og estetikk, naturmiljø/naturmangfald, kulturmiljø/kulturminne, friluftsliv/nærmiljø, folkehelse, strandsone, vegtilkomst og trafikksikkerheit, samt stadutvikling.

Oppstart av planarbeid har er varsla ved 2 høve. Første varsla planoppstart blei kunngjort i avisa Fjordenes Tidende den 02. februar 2016 med høyringsfrist 15.03.2016. Planområdet var då på 47,3 daa der avgrensing av planområdet vart gjort i samråd med planforvaltninga i Vågsøy kommune.

Etter innspel i høyringsprosess og dialog med grunneigar, blei det vurdert naudsynt å utvide planområdet for å kunne vurdere gangtilkomst langs vatnet, samt vurdere om slik gangtilkomst og kan fungere som tilkomst til kommunal pumpestasjon som er etablert i området.

Ny varsling om utviding av planavgrensing vert kunngjort i avisa Fjordenes Tidende den 12. april 2016 med høyringsfrist 03.05.2016. I tillegg vart naboar/høyringsinstansar tilskrive med eige brev, og annonse og plandokument lagt ut på Vågsøy kommune og iVest Consult as sine nettsider, ved begge høve.


Godkjent Planprogram er revidert etter offentlig høyring, i samsvar med endringar som følgjer av Vågsøy kommunestyre sitt vedtak den 16.06.2016.

Tiltakshavar og plankonsulent inviterte grunneigarar og naboar til kryssområdet ved riksvegen til informasjonsmøte den 13. juni 2017. Møtet vart arrangert som «open dag», der dei inviterte kunne kome innom for informasjon og drøftingar, på ettermiddagen. Hovudfokus på møtet var trafikk-/vegløysingar omkring krysset og omlegging av tilkomst til bustadene.

Planarbeidet er varsla og igangsett og planprogram er godkjent etter eldre forskrift om konsekvensutgreiing (2015). I samsvar med overgangsreglane i Forskrift om konsekvensutgreiing av 01.07.2017, §39, skal tidlegare forskrift leggest til grunn for planar og tiltak som var teken til handsaming etter denne forskrifta.

2.2 Avgrensing planområdet

Samla planområdet ved siste varsel var ca. 53 daa og er syna i fig. 4, der utvida område er vist med skravert felt. Endeleg planavgrensing er justert i planprosessen, med reduksjon i sør, og er no ca. 41 daa. Skildring av planområdet framgår i kap. 5.



Figur 4: Siste varsla planavgrensing (Aaland arkitektkontor AS).

3. VIKTIGE OMSYN I PLANARBEIDET

3.1 Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging:

Plan- og bygningslova frå 2008 innførte eit lovbestemt krav om at regjeringa kvart fjerde år skal utarbeide et dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Bakgrunnen er eit ønske om å oppnå betre samhandling mellom plan-nivåa, og i sum betre relevans, måloppnåing og samordning av mynde i planlegginga. I Nasjonale forventningar vedteke 12. juni 2015 er det lagt vekt på følgjande:

- **Gode og effektive planprosessar.**
- **Berekraftig areal- og samfunnsutvikling:** Regjeringa forventar at det i planlegging mellom anna skal takst omsyn til:
 - Reduksjon i utslepp av klimagassar.
 - Klimaendringar og risiko og sårbarheit.
 - Identifisere og ta vare på viktige natur og kulturverdiar.
 - Berekraftig næringsutvikling og innovasjon i samspel med næringslivet og regionale og lokale aktørar.
 - Sikre jordbruksområder og legge til rette for nye grønne næringar.
 - Sikre tilgjenge til gode mineralførekomstar, avvege mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.
- **Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde.** Regjeringa forventar at det i planlegging mellom anna skal takst omsyn til:
 - Gjennom planlegginga trekkjer ein langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde.
 - Legge til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
 - Kommunane sikrar trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.
 - Kommunane tek vare på naturverdiane og legg til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile folket ved å sikre samanhengande grønne strukturar, opne vassvegar og nær tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv.
 - Kommunane legg prinsippa om tilgjenge og universell utforming til grunn i planlegging av omgivnader og bygningar

Miljøpolitikk:

Miljøpolitikken i Norge er delt inn i seks resultatområde. For kvart resultatområde er det eitt eller fleire nasjonale miljømål. Måla blir følgde opp gjennom indikatorar, som skal gi grunnlag for å vurdere utviklinga i forhold til måla. Nasjonale miljømål er mål som viser kva styresmaktene ønskjer å oppnå. Kvart resultatområde har fleire miljømål. Måla er anten knytte til ein ønskt miljøtilstand eller til påverknad av miljøtilstanden. Dei seks resultatområda med miljømål er:

1. Naturmangfald
2. Kulturminne- og kulturmiljø
3. Friluftsliv
4. Forureining
5. Klima
6. Polarområda

Klimaframskrivingar og klimapolitikk:

Av St. meld. nr. 21 (2011-2012) *Norsk klimapolitikk* går det fram at «Regjeringa vil føre en politikk som bidrar til fortsatt økonomisk vekst, men denne må skje innenfor rammen av en bærekraftig utvikling, slik at ikke kommende generasjoner muligheter til å dekke sine behov blir undergravet».

I meldinga er det vektlagt at miljøpolitikken skal bygge på føre var-prinsippet. Siste stortingsmelding vedr. klima, St.meld. nr. 33 (2013-2013) om klimatilpassing i Norge, viser til at det i første rekke er vassrelaterte utfordringar vi har i vente (særleg flaum og skred, overvann og havnivåstigning), og det er presisert at Risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) er viktig verkemiddel for vurdering av tiltak for handtering av uønska hendingar.

Den første rapporten «Klima i Norge 2100» vart publisert i 2009. Hausten 2015 vart den oppdaterte «Klima i Norge 2100» publisert. Denne rapporten skal gje grunnlagsinformasjon for klimatilpassing i Norge, og vil vere førande for mellom anna korleis ein skal tilpasse arealplanlegging til dei utfordringane ein står ovanfor. Manglande kjennskap til framtidens utslepp av klimagassar og -partiklar, kombinert med manglar og forenklingar i klimamodellane, gjer klimaframskrivingane usikre og det er vanskeleg å få nøyaktige tal for dei endringane ein står overfor. Trendane er midlertidig tydelege i forhold til at klimaet går mot auka temperatur med alle endringar dette fører med seg, som t.d. auka nedbørsmengd; havnivåstigning og stormflo; flaum og skred.

Naturmangfald

Naturmangfaldlova trådte i kraft frå 01.07.2009, med siste endring av 20.06.2014. Lovens formål er: «at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur».

Friluftsliv:

I St. meld. 18 (2015-2016) «*Natur som kjelde til helse og livskvalitet*» vert det vist til at det er eit nasjonalt politisk mål å ta vare på friluftsliv som ein levande og sentral del av norsk kulturarv og nasjonalidentitet, og som ein viktig kjelde til å betre livskvalitet og helse for alle. Hovudmålet er at ein stor del av befolkninga med jamne mellomrom skal drive med friluftsliv. Friluftsliv kan utøvast av alle, uansett kvar ein bur og nesten uavhengig av fysisk form, rørsleevne og kunnskap.

Allemannsretten, retten til fri ferdsel, opphald og aktivitet i utmark, er fundamentet i friluftstradisjonane våre. Det er viktig å verne om allemannsretten, og elles bidra til at folk har høve til å ta del i ulike former for friluftsliv. Naturopplevingar er det som særskilt skil friluftsliv frå andre fritidsaktivitetar. Ein legg vekt på at ein må ivareta og vidareutvikle grønstruktur og friluftsliv i og ved byar og tettstadar.

Byggeskikk og estetikk:

Stortinget har gjennom plan og bygningslova peika på at det skal leggast vekt på estetiske omsyn i plan og byggesaker.

Universell utforming:

Miljøverndepartementet gav i 2009 ut temarettleiaren "Universell utforming og planlegging eller plan- og bygningsloven", der det framgår at "*..prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn for planlegging til det enkelte byggetiltak.*"

Born og unge:

Rikspolitisk retningsline for born og unge i planlegginga, er eit verkty for at ein skal "*..ta hensyn til barn og unge i sin planlegging, og må legge til rette for gode bomiljøer og gode oppvekst og levekår.*"

Samordna areal og transportplanlegging:

I rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging er det sett som mål at: "*Arealbruk og transportsystem skal utvikles slik at de fremmer samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, med miljømessig gode løsninger, trygge lokalsamfunn og bomiljø, god trafiksikkerhet og effektiv avvikling. Det skal legges til grunn et langsiktig, bærekraftig perspektiv i planleggingen. Det skal legges vekt på å oppnå gode regionale helhetsløsninger på tvers av kommunegrensene.*"

Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesenter

Målet med den rikspolitiske bestemmelsen om kjøpesentre er å styrke by- og tettstadssentra, og legge til rette for miljøvennleg transportval, det vil sei å unngå ei utvikling med by-spreiing, auka avhengigheit av bil og dårlegare tilgjengelegheit for dei som ikkje disponerer eller ønskjer å bruke bil. Det overordna og langsiktige målet er å utvikle bærekraftige og robuste by- og tettstadsstrukturar som og bidreg til å redusere klimagassutsleppa.

3.2 Regionale føringar

Fylkesdelplan for arealbruk i Sogn og Fjordane/nye retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesenter

I samband med rullering av fylkesdelplan for arealbruk i Sogn og Fjordane vart det i 2017 vedteken nye retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesenter i fylket. Målsetjinga med retningslina er å oppretthalde det eksisterande service- og tenestetilbodet i tettstadar og grender, lokalisere større kjøpesenter til tettstadar, revitalisere og styrkje sentrum i byar og tettstadar og vektlegge tilgjenge med kollektivtransport og tilgjenge for gåande og syklende. I høve kjøpesenter går det fram av retningslina at det på Sandane og Eid, i Øvre Årdal, Gaupne, Stryn og Måløy kan etablerast kjøpesenter med inntil 11.000m² bruksareal innanfor område avsett til sentrumsområde i plan.

Fylkesdelplan for klima- og miljø:

Fylkestinget vedtok i mars 2009 Fylkesdelplan for klima og miljø. I høve til reduksjon av klimagassutslepp, er overordna mål at *“Sogn og Fjordane skal gjere sitt for å nå dei nasjonale mål om å bli klimanøytral i 2030.”* I høve til tilpassing til klimaendringar er overordna mål at *“Sogn og Fjordane skal vere best mogeleg budd på klimaendringane og ikkje bygge ny sårbarheit inn i samfunnet.”*

Klimaprofil, Sogn og Fjordane (2016):

Klimaprofilen gjev eit samandrag av klimaet, venta klimaendringar og klimautfordringar i Sogn og Fjordane. Den er meint som eit vedlegg til Klimahjelpere og mykje av innhaldet er henta frå «klima i Norge 2100». Klimaprofilen skildrar venta klimaendringar ved høge klimagassutslepp, med fokus på endringar fram mot slutten av hundreåret (2071-2100). For same klimagassutslepp vil ulike klimamodellar gje ulike resultat. Klimaprofilen viser til midlare verdi av ulike modellar.

Middeltemperaturen for Sogn og Fjordane er berekna til å auke med ca. 4°C og vekstsesongen er venta å auke med 2-3 månader. I følgje klimaprofilen vil klimaendringane i Sogn og Fjordane særleg føre til behov for tilpassing med tanke på

- Kraftig nedbør og auka problem med overvatn:
 - Årsnedbøren i Sogn og Fjordane er rekna å auke med ca. 15%.
 - Nedbørauken vert størst for dei nedbørrike områda nær kysten
 - Det er venta at episodar med kraftig nedbør/slagregn aukar vesentleg både i intensitet og frekvens, noko som vil stille større krav til handtering av overvatn i utbygde stromk.
- Havnivåstigning og stormflo
 - Klimapåslag vil vere 57-75 cm, avhengig av kommune. Tal for klimapåslag vert spesifisert i rapporten «Havnivå og stormflo». I tillegg må det gjerast eigne vurderingar for bølginge og vindoppstuving.
- Endringar i flaumforhold og flaumstorleik
 - Auka frekvens av lokal, intens nedbør gjev sannsyn for flaum i tettbygde stromk og små bratte vassdrag. Ein bør vere merksam på at mindre bekkar og elver kan finne nye flaumvegar.
 - Anbefalt klimapåslag på flaumvassføring er 20 % eller 40 % for alle nedbørfelt, avhengig av plassering og flaumsesong.
- Skred
 - I bratt terreng vil klimautviklinga kunne gje auka frekvens av skred knytt til regnskyll/flaum, snøfall og snøsmelting. Dette gjeld først og fremst jordskred, flaumskred og sørpeskred.

Handlingsplan Trafikktrygging i Sogn og Fjordane 2010-2013:

Handlingsplan Trafikktrygging i Sogn og Fjordane 2010-2013, har tre satsingsområde: Unge, foreldre og arbeidsgjevar, med fleire delmål og tiltak for kvart satsingsområde. I handlingsplanen er det lagt vekt på haldningsskapande tiltak og tiltak som er knytt til åtfærd i trafikken.

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-25

Fylkestinget har sett folketalsutviklinga som hovud-utfordring for Sogn og Fjordane. I verdiskapingsplanen er målet om folketalsutvikling ført vidare til ein ambisjon om arbeidsplassvekst. Folk skal ønskje å leve livet sitt her.

3.3 Kommunale føringar

I kommuneplanen sin arealdel for Vågsøy kommune er hovuddel av området avsett til framtidig- og noverande område for industri og LNF-område med framtidig sti rundt Deknepollvatnet. Kommuneplanen stiller krav om utarbeiding av ny reguleringsplan i området. Utsnitt av gjeldande arealplan for Vågsøy kommune er vist i kap. 1.3, fig. 2.

I samfunnsdelen til kommuneplan frå 2013 er grensa for sentrumsområde i Måløy fastsatt. I denne står følgjande i kap. 2.5: «*Måløy er kommunesenteret i Vågsøy. Etablering av kjøpesenter i Deknepollen har aktualisert diskusjonen om korleis vi definerer sentrum og kva som skal til for å vere attraktive for tilflytting og trivsel. Eit sentralt spørsmål, som har vore drøfta i planprosessen, er om sentrum av byen bør definerast til å inkludere Deknepollen, fordi både kultur- og idrettsbygga Samfunnshallen og Nordfjordhallen, vidaregåande skule og kjøpesenter er lokalisert der. Alle byar har noko til felles som nettopp gjer byen til ein by. Byen har eit sentrum – hjarte av byen. I kommuneplanen er sentrum definert til å omfatte bykjerner*».

4. PLANOMRÅDET - DAGENS SITUASJON



Figur 5: Bilde av Måløy Stormarked i Deknepollen (Aaland Arkitekt as, 2016).

Landskap og estetikk

I nasjonalt referansesystem for landskap (NIJOS-rapport 10/2005), ligger området i overgang mellom landskapsregion 20 og landskapsregion 21, «Kystbygdene på Vestlandet» og «Ytre fjordbygder på Vestlandet». Då også i overgangen mellom underregion for Bremangerlandet/Stad og Hornelen. Omgevnadane i det overordna landskapet er typiske for det som kjenneteiknar landskapsregionane, då i overgang mellom høgreiste og nakne fjellformasjonar med lite lausmassar og vegetasjon, til eit meir opent landskap med veksling mellom ulike åsformar, storkuperte heier, og godt avrunda fjellformer og mindre fragmenterte strandflater.

Landskapet i området ligg i eit dalstrøk som strekkjer seg frå nordvestleg til søraustleg retning der Deknepollvatnet ligg som ei forlenging av strandflata som munnar inn frå Ivahavet og Ulvesundet. Landskapsrommet er lukka med korte siktline i alle himmelretningar, klart avgrensa av fjellformasjonane rundt.

Det meste av planområdet er opparbeidd gjennom mange år med etablert næring, bustadar, veg og tilhøyrande infrastruktur.

Naturmiljø/Naturmangfald

Store delar av området er utfyllt og planert, og utbygd med næringsbygg, forretning/kjøpesenter, vegar, bustader osv. Arealet ned mot Deknepollvatnet ligg i dag som eit naturområde, men då sterkt påverka av menneskeleg aktivitet, og med inngrep som kommunal pumpehus med tilkomst og høgspenlinje.

Vegetasjonen ned mot vatnet er prega av fuktigheit i grunn, samt gjengroing. Artar som veks her er blant anna Einar, Rogn, Bjørk, Furu og Selje medan botn- og feltsjikt er dominert av Bjørnemose, Frytle og Geiterams, for å nemne nokon.

Det ligg ikkje føre registreringar av særskilde naturinteresser eller raudlisteartar i området, det er heller ikkje kartlagde naturtypar/naturområde i planområdet.

Hovudbergart i området er Diorittisk til granittisk gneis, migmatitt. Lausmasse dekke på staden består i hovudsak av morenemassar, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen.

Kulturmiljø

Det ligg ikkje føre kjente/tilgjengelege registreringar av verna kulturminner, viktige kulturmiljø eller automatisk freda kulturminne innanfor eller i tilknytning til planområdet.

Friluftsliv og nærmiljø

Planområdet grensar mot Deknepollvatnet som er eit område som vert nytta til friluftsliv.

Vatnet vert nytta for fiske og bading sommarstid, og på vinterstid når temperaturane tillèt det, vert det islagde vatnet nytta til å gå på skøyter.

På kommunen sin kartteneste på nett, og på karttenesta Kilden (<https://kilden.nibio.no>), kan ein sjå kartlagt sti frå nordsida av vatnet, og langs delar av austsida. Det er ikkje etablert sti rundt Deknepollvatnet i dag, men det pågår eit arbeid for etablering av gangveg i nordre del av vatnet.

Det er og sannsynleg å anta at LNF-områda i nord og i aust vert nytta som friluftslivområde for turgåarar.

Figur 6 synar delar av etablert tilkomstveg til kommunal pumpestasjon. Denne vert også nytta som tilkomst til vatnet for folk som brukar området til friluftslivformål, då særleg med kano. I samband med tidlegare utbygging er det fylt i område regulert til friområde. Fyllinga er etablert som ein villfylling utan plastring eller muring, og i aust ligg fyllinga nesten i vasskanten.



Figur 6: Deknepollvatnet, med etablert pumpehus og tilkomstveg (iVest Consult as, 13.06.2017.)

Folkehelse, born og unge, funksjonshemma og eldre, universell utforming

Området langs Deknepollvatnet blir aktivt brukt av skule og barnehage for kajakkaktivitetar og som friområde. Innanfor planområdet er det ikkje opparbeidd særskilte område for leik eller felles møteplassar i friluft. Næringsareala har tilrettelagt tilkomst for bil, med universell utforming av parkeringsområde og tilgang til forretningsareal, men har er elles ikkje særskilt tilrettelagte folkehelseiltak eller spesielle tiltak for born og unge.

Strandsona, sjø og vassdrag

Planområdet ligg i nær tilknytning og innanfor 100 meters beltet til strandsona for Deknepollvatnet.

Det er i dag gjort fleire tiltak i strandsona, som utfylling til eksisterande næringsareal, kommunal veg, kommunal pumpestasjon med tilkomst, bustadtomter, høgspenlinje mm.

Infrastruktur og trafikktryggleik

Tilkomst til planområdet er via etablert kryss frå Rv15.

Tal frå 2016 og 2017 synar at Rv15 har ein ÅDT på 4850 bilar, der 8% er lengre køyretøy (www.vegvesen.no/vegkart/). Innanfor planavgrensing har riksvegen ein total vegbredde på 7-7,5 meter, og vegstrekka har etablert gang- og sykkelveg med 2,5 meters bredde. Fartsgrense på riksveg er 60km/t. Det er registrert manglar ved siktzone på eksisterande kryss til næringsområdet (www.vegvesen.no/vegkart/), ellers er det ingen særskilte registreringar knytt til vegtilstand og vegstandard på Rv5-strekninga gjennom planområdet.

Der er ikkje etablert overgangsfelt innanfor området. Nærmaste overgangsfelt er ca. 190 meter nord for kryss til næringsområdet, og 400 meter i sør. Rett sør for krysset er det etablert busslomme for nordgåande trafikk, medan busstopp for sørgåande er etablert omtrent 190 meter nord, og 270 meter sør for krysset.

Frå 1984 til 2006 har det blitt registrert 4 ulike hendingar/ulykker på staden. Det var 1 dødsulykke i 2006 i krysset, 1 alvorlig skada i 1987 og 2 registrerte ulykker med lettare skader (1984 og 1992). Det er ikkje registrert ulukker i krysset dei siste 10 år, og vegstrekket er ikkje registrert som ulykkesstrekning på Statens vegvesen sine vegkart. Det er registrert nokre uhell nord og sør for planområdet, alle med lettare eller ingen skade.

Tilkomstveg til næringsareala er kommunal veg, vegen er lyslagt og har ei fartsgrense på 50km/t. Det er ikkje etablert fortau/gangveg langs den kommunale vegen.

Utforming av dagens kryss frå Rv15 til kommunal veg til Myrane næringsområde er ikkje i samsvar med vegnormalane. Krysset er utforma utan eigne svingefelt, og tilkomstvegen frå Myrane til Rv15 er utan trafikkøy. Krysset er trangt for større køyretøy. I tillegg er det to tilkomstvegar som kjem inn i kryssoområdet, desse to tilkomstane servar tre av bustadhusa i området.


Tryggleik mot naturskade

Sweco Norge har på oppdrag frå NVE kartlagt skredfaren i 16 utvalde områder i Vågsøy kommune, der i blant området innanfor planavgrensing (område Myrane i rapport NVE – Skredfarekartlegging i Vågsøy kommune, prosjektnr 22380001).

I skredfarekartlegginga er nominelle årlege sannsyn for steinsprang vurdert å vere større enn 1/1000 og 1/5000 frå skråning i aust, og for i eit lite område lengst nordaust er nominelle årlege sannsyn for steinsprang vurdert også å vere større enn 1/100. Sjå figur 7.

Sjølv om det finnes enkelte parti som er bratte nok utan vegetasjon til at det kan utløyasast snøskred, blir det i rapporten vurdert som lite sannsynleg. Det er heller ikkje observert ideelle lausneområder for sørpeskred som kan nå området innanfor planavgrensing.

For jord- og flaumskred er nominell årleg sannsyn vurdert som mindre enn 1/1000 i området, og uansett underordna steinsprang som er dimensjonerande for skredfare.




Figur 7: Nytt faresonekart for skred for området (SWECO/NVE 2017).

Miljøfaglege forhold, forureining og støy

Næringsarealet på Myrane husar i dag XL-Bygg, Posten sin sorteringssentral samt entreprenør firma Geir Sandal as i tillegg til Måløy Stormarked. Dette gjev ein del trafikk, også tungtransport og større anleggsvilar, som har potensiale til å generere noko støy.

Multiconsult as har utført støyfagleg utgreiing i samband med planarbeidet, sjå vedlegg til plandokument. Denne viser framskrive støyforhold med trafikkprognose for 2032, der del av planområdet ligg i gul støysone (Lden>55dB), medan eit belte nærast riksvegen ligg i raud støysone (Lden>65 dB). Sjå figur 8.



Figur 8: Berekna støyutbreiing i 1,5m høgd med trafikkprognose for 2032 (Muliconsult as, 28.06.2018).


Stadutvikling, kjøpesenter

Måløy Stormarked ligg i Deknepollen, ca. 3 km frå Måløy sentrum.

Stormarkedet har i dag betydning for handelen i Vågsøy, og handelstilbodet ved kjøpesenteret har vist seg å vere levedyktig og attraktivt. Måløy Stormarked har i dag sport, tekstil, møbler elektro, samt tilbod innan breitt vareutval, samt ein kafé. Stormarkedet ligg innanfor Måløy tettstad, sentralt lokalisert for heile kundegrunnlaget (frå Seljeområdet i nord, Tennebø m.fl i aust og Måløy, Raudeberg, Holvik m.fl. i vest). Stormarkedet er lett tilgjengeleg med bil, men kan og nåast for kollektivreisande, gåande og syklende. Det er gang- og sykkelveg langs riksvegen, og busstopp ved riksvegen i kort avstand frå Stormarkedet.

Det er gjennomført Handels- og sentrumsanalyse for Måløy (Vista Analyse AS, 11.01.2017). Denne viser at dekningsgrad for handel i Vågsøy er i dag er god, med framleis import av kjøpekraft i Vågsøy, medan den går ned i regionen elles. Handelsanalysen viser og til at Vågsøy har den høgste snittomsetnaden målt pr innbyggjar i handelsregionen, og ligg over landssnittet. Medan dei fleste kommunane i handelsregionen går ned i snittomsetnad, så held Vågsøy oppe sin posisjon som handelsstad.

5. SKILDRING AV PLANFORSLAG



Figur 9: Forslag detaljregulering Måløy Stormarked (iVest Consult as, 11.10.2018)

Planen legg til rette for ei mindre utviding av eksisterande kjøpesenter Måløy Stormarked på Myrane Næringsområde, Deknepollen. Utviding av bygget vil vere frå dagens 7.200 m² til ca. 9.800 m². Vidare er det i planen lagt til rette for utviding av parkeringsareal til Måløy Stormarked, utbetring av kryss frå Rv15 til Myrane, omlegging/utbetring av tilkomst til eksisterande bustader, fortau langs kommunal veg frå riksvegen og fram til Måløy Stormarked, omlegging av tilkomst til kommunal pumpehus, samt etablering av turveg langs Deknepollvatnet nordover til nærliggande forretningsområde (matbutikk og bensinstasjon) og austover fram til spissen på neset.

Utviding kjøpesenter:

Måløy Stormarked har behov for ei mindre utviding av byggarealet på ca. 2.600 m², for å kunne vere konkurransedyktige i marknaden i Vågsøy kommune og omkringliggende marknadsområde. Denne utvidinga er planlagt innanfor eksisterande opparbeidde areal på gbnr. 107/61, og vert fordelt på to etasjar. Maksimal BRA for kjøpesenteret er sett til 10.000m² i føresegnene.

Det er gjennomført Handelsanalyse for Måløy (Vista Analyse AS, 11.01.2017) i samband med reguleringsplanarbeidet for Måløy Stormarked, sjå vedlegg til plandokument. Denne konkluderer med at utviding av Måløy Storsenter vil vere positivt for å stoppe handelsnedgang som har funnet stad i dei siste årene. Analysen peiker på at Deknepollen ligg innanfor Måløy tettstad etter Statistisk Sentralbyrå sin definisjon av tettstad.

Det er i planforslaget også lagt inn moglegeheit for utviding av eksisterande lagerbygg som ligg aust for kjøpesenterbygget.

Parkeringsareal:

Måløy Stormarked har i dag noko låg parkeringsdekning i forhold til behov og aktivitet. Dagens kundeparkering er i hovudsak tilrettelagt for på framsida av kjøpesenteret (på vestsida av bygget), medan tilsettparkering og varelevering skjer på baksida (austsida av bygget). I planforslaget er det lagt opp til utviding av parkeringskapasitet ved tilrettelegging av areal til parkeringsplassar, SPP, vestover ved fylling og planering på gbnr. 107/60 og 107/71. Aktuelt areal er i dag regulert til friområde. Det er berekna behov for ca. 60 nye parkeringsplassar knytt til planlagt utviding av bygget. Parkeringsareal i planforslaget vil

kunne gi plass til 100-120 parkeringsplassar, slik at ein kan dekke inn både parkeringsbehov knytt til oppjustering for dagens kapasitet for kundeparkering og parkeringsbehov knytt til utviding av Stormarkedet.

Vurdering av alternativ for parkeringsareal:

Det har vore vurdert alternative løysingar for utfylling til parkeringsareal.

1. Utbygging av parkeringsplassar i friområdet (som foreslått i plan)
2. Parkeringsareal i underetasje dekkja med parkmessig utforming på toppen, plassert i eksisterande friområde. Alternativ 2 er i samsvar med kommunens forslag på oppstartsmøtet.
3. Parkeringsplassar i P-hus, lokalisert i bakkant i 1. etg. og utviding av kjøpesenter i 2. etg over det nye parkeringsarealet eller eventuell annan plassering av p-plasser inne i bygget. Dette er eit alternativ utan utfylling av grøntareal. Alternativ 3 er i samsvar med fylkesmannen sin merknad til planarbeidet.

Etter ei samla vurdering både teknisk, funksjonelt og økonomisk er det konkludert med at alternativet med overflateparkering som er best eigna ved utviding av Måløy Stormarked, sjå og kap. 7.5 der dei tre alternativa er vurderte.

Trafikk og infrastruktur:

Dagens tilkomst til Måløy Stormarked skjer via Rv15 og kryss til kommunal veg til Myrane Næringsområde. Dagens kryss mellom Rv15 og Myrane er ikkje tilfredsstillande utforma, og planforslaget legg opp til utbetring av krysset ved utviding/justering for betre framkome for større køyretøy, etablering av trafikkøyr og omlegging av bustadtilkomstane, slik at desse vert flytta vekk frå sjølve krysset. Krysset er gitt ei utforming og breidd som gir framkome for vogntog.

Det er utarbeidd Notat for trafikkvurdering for Måløy Stormarked (iVest Consult AS, 15.12.2017), som tek for seg kryssutforming, busshaldeplass og løysingar for mjuke trafikantar, både for Rv15 og for kommunal tilkomstveg til Myrane, sjå vedlegg til plandokument. I notatet er det konkludert med at løysingar langs riksvegen (busshaldeplassar, gang-/sykkelveg, overgangsfelt og fartsgrense), bør vurderast i ei større samanheng for Rv15 på strekninga Måløybrua – Tennebo (i regi av vegvesenet), medan tiltak aust for riksvegen og mot Stormarkedet bør vurderast i reguleringsplan for Måløy Stormarked. Skildring av trafikk/infrastruktur tatt inn i planen for Stormarkedet følgjer nedanfor.

For den kommunale vegen til Myrane, er denne vist med jamn vegbreidd 6 meter, dvs vidareføring av vegbreidd frå gjeldande eldre reguleringsplan og ei utviding i høve til i dag. I tillegg vert det tilrådd langsgåande fortau fram til avkøyrsløp til Stormarkedet. Tilkomstveg til bustadane på gbnr. 107/21, 23, 24 og 25 (utanfor planområde) er foreslått som fellesveg for eigedomane, inkl. gbnr. 107/1 (veg SKV6). Tilkomstveg til bustadane i B (veg SKV7), er foreslått som offentleg veg, då denne også vil fungere som gangveg for gåande mellom busstopp ved Rv15 og fram til nytt regulert fortau SF1. Dagens busstopp er i planen flytta sørover og ut av siktsona, i samsvar med krav frå kommunen, og gitt utbetningsstandard etter handbok N100 (gjeldande utgåve, 2014), og som følgje av flyttinga av busstoppet er det og tatt med fellesveg SKV8 som sikrar tilkomst til begge bustadtomtene i område B. Det er og opna for at det kan etablerast gangveg/gangsoner langs austsida av riksvegen, for å kunne knyte saman fortau, gangveg og stiar innanfor planområdet, samt å kunne etablere kryssing av riksvegen ved at eksisterande gangveg møter ny gangsoner. Gangsona er gitt eige reguleringsformål, gangveg/gangareal SGG, i samsvar med krav frå kommunen, der prinsipp frå eldre reguleringsplan er vidareført (fortau/gangveg).

I tillegg er tilkomst til framtidig næringsområde vest for riksvegen tatt med i planforslaget, der lokalisering og løysing frå eldre reguleringsplan er vidareført, i samsvar med krav frå kommunen. Tilkomst er knytt saman til eldre gjeldande reguleringsplan slik at denne kan leggest til grunn ved realisering av næringsområde og omlegging av tilkomst til bedehuset og bustadane i området. Tidlegare godkjent løysing med kryss er vidareført, og siktsoner er vist. Eventuelt behov for andre løysingar/prinsipp enn det som er godkjent i gjeldande reguleringsplan, bør løysast av ansvarleg utbyggar og konsulent for det aktuelle næringsarealet

Grøntstruktur:

I friområdet langs Deknepollvatnet, er det foreslått etablering av turveg (o_GT1-5) for å gjere området meir tilgjengeleg og attraktivt. Turveg o_GT1 vil og fungere som tilkomst ved drift av eksisterande kommunal pumpestasjon, ei fellesbruk som er vurdert å kunne fungere godt, då køyring knytt til drifta vil vere minimal. I planforslag er det og lagt vekt på samanbinding av næringsområdet i Myrane og nærings-/forretningsområdet lenger nord, gjennom turvegane langs Deknepollvatnet. Det er derfor i planen lagt inn eigen trase for turveg fram til forretningsområdet (o_GT3), samstundes som prinsipp og trase frå kommuneplanen for framtidig gangveg, er inkludert gjennom o_GT5, saman med o_GT2 og o_GT4. Det er og lagt til rette for at det i friområdet o_GF kan etablerast tiltak for bruk til friluftsliv og leik. Saman med turvegane, vil friområdet lettare kunne tilretteleggast og opparbeidast gjennom planforslaget. Vidare er det lagt inn grøntstrukturuområder G i områder mellom riksvegen og kommunal veg til Myrane. Innanfor desse kan det etablerast stiar og snarvegar.

Støysone

I planområdet er det lagt inn støysone for gul og raud sone etter rundskriv T-1442, i samsvar med støyvurdering utført av Multiconsult as, jfr. vedlagt rapport datert 28.06.2018. Eksisterande bustader i område B, samt bustader på gbnr. 107/14 og 15, ligg innanfor raud støysone. Det er støy frå Rv15 som er dominerande for bustadane. Støyrapport tilrår at desse bustadane vert utgreidd nærare for eventuelle støytiltak ved utarbeiding av byggeplan. Planen opnar ikkje for nye bygg med støyfølsam bruk innanfor raud støysone, medan det kan vurderast innanfor gul støysone, dersom avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støynivå, i tråd med tilrådingar i rundskriv T-1442.

Fareområder

I planforslaget er det lagt inn omsynssoner for rasfare (H310), flaumfare (H320) og høgspenst (H370). Innarbeidd rasfareområde er i samsvar med utført skredfarekartlegging i Vågsøy kommune (NVE-rapport 36/2017, utført av Sweco). Eksisterande lagerbygg i aust ligg innanfor skredfareområde med nominelt sannsyn større enn 1/1000 og 1/5000, tilsvarande tryggleiksklasse S1 og S2. Lagerbygg med lite personopphald vil representere type bygg i tryggleiksklasse S1, medan til dømes lagerbygg med arbeids- og publikumsfunksjonar med opphald for inntil 25 personar vil representere type bygg i tryggleiksklasse S2.

Flaumfareområde er innarbeidd på bakgrunn av NVE sitt flaumaktsemdskart, der det er gjort eit grovt anslag på maksimal vasstand for ekstrem flaum ved Deknepollvatnet. Flaumsona er lagt på kote +6, som er to meter over vassnivå for vatnet.

Fareområde for høgspenst, er lagt inn med 7,5 meter horisontal breidd frå kvar side av høgspenstlinja som går gjennom området, total breidd 15 meter.

Bestemmelsesområde

Det er lagt inn bestemmelsesområde for utforming (#1) for fyllingsområdet frå byggeområde BKJ og ned mot friområdet GF. Her er det sett krav om utforming og ryddig avslutning av fylling mot friområde og turvegar.

6. ROS-ANALYSE

6.1 Innleiing

Kommunen har ansvar for å sikre forsvarleg bruk og vern av areal og bygningar i kommunen. Det er eit krav om risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) ved utarbeiding av planar for utbygging. Analysen er sett saman av sjekklister, samt omtale av tema som treng nærare utgreiing.

I samsvar med plan- og bygningslova §4-3 om samfunnstryggleik og ROS-analyse, er det vurdert alle risiko- og sårbarheitsforhold som har aktualitet for om området er eigna til utbyggingsføremål, og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å oppnå akseptabel risiko.

Til grunn for ROS-analysen, er planlagde tiltak vurdert og samanstillt med kjent informasjon henta frå kjelder oppgjeve i kapittel 10 Referansar.

6.2 Metode for vurdering av hendingar

Metode for vurdering av hendingar i ROS-analysen tar utgangspunkt i Vågsøy kommune sine akseptkriteria og mal for Ros-analyse, samt rettleiaren "samfunnssikkerhet i arealplanlegging" utarbeidd av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap og "Rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar", utarbeidd av Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Det er og vist til tryggleiksklassar ved skred og flaum i hht TEK17.

Kategorisering av Sannsyn:

I kva grad det er truleg at ei uønskt hending kan inntreffe, vert uttrykt ved hjelp av omgrepet sannsyn (hendingsfrekvens). Ved skildring av *Sannsyn* er det nytta følgjande kategoriar og kriterium:

Tabell 1: Kategoriar for sannsyn

Sannsyn kategoriar	Største nominelle årlege sannsyn		TEK17 tryggleiksklasser ved skred (S) og flaum (F)
	Skred	Flaum	
1. Svært lite sannsynleg	< 1/5000 år	<1/1000 år	
2. Lite sannsynleg	1/5000	1/1000	S3, F3
3. Mindre sannsynleg	1/1000	1/200	S2, F2
4. Sannsynleg	1/100	1/20	S1, F1
5. Svært sannsynleg	> 1/100	>1/20	

Kategoriar for Konsekvensvurdering:

Konsekvensar uttrykker mogelege følgjer av ei uønskt hending i forhold til samfunnsverdiar. I Vågsøy kommune sin rettleiar/mal for ROS-analyse, er det sett opp følgjande kategoriar og kriterium for vurdering av *konsekvensar*:

Konsekvenskategoriar:

Tabell 2: Konsekvenskategoriar

Kategori	Forklaring	Konsekvensbetegnelse i risikomatrix
5	Svært store	5. Katastrofal
4	Store	4. Kritisk
3	Middels	3. Farleg
2	Små	2. Ein viss fare
1	Svært små	1. Ufarleg

Samfunnsverdiar og konsekvenstypar:

Tabell 3: Samfunnsverdiar og konsekvenstypar

Sikkerheita og tryggleiken til befolkinga	
Samfunnsverdiar	Konsekvenstypar
A. Liv og helse	Dødsfall. Skadar og sjukdom
B. Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggande behov. Forstyrningar i dagleglivet
C. Natur og miljø	Skadar på naturmiljø for lang tid. Skadar på kulturmiljø/-minner for lang tid
D. Materielle verdiar	Økonomiske tap

A. Samfunnsverdi for Liv og helse:

Tabell 4. Konsekvenskategori for Samfunnsverdi Liv og Helse

Kategori	Dødsfall	Grad av skade
5	>10	Svært alvorleg personskade, >20 personar alvorleg skadde.
4	1-10	Alvorleg personskade, 10-20 personar alvorleg skadde.
3	Ingen	Betydelege personskadar, 0-10 personar alvorleg skadde, personar med sjukefråvær i fleire veker
2	Ingen	Mindre skade som fører til førstehjelpstiltak/behandling, sjukmelding i nokre dagar.
1	Ingen	Ubetydeleg personskadar, ingen fråvær

B. Samfunnsverdi for Stabilitet:

Konsekvenskategoriene 1–5 vert gitt som ein kombinasjon av tal personar som er ramma av hendinga og kor lang tid den varer.

- *Manglande dekning av grunnleggande behov*: Befolkninga manglar mat, drikkevotn, varme og medisinar som følgje av hendinga.

- *Forstyrning i dagleglivet*: Befolkninga får ikkje kommunisert via ordinære kanalar, kjem seg ikkje på jobb eller skule, manglar tilgang på offentlege tenester, infrastruktur og varer.

Tabell 5: Konsekvenskategori for Samfunnsverdi Stabilitet

Ant. ramma Pers	<25 personar	25-100 personar	100-500 personar	>500 personar
Varigheit				
>7 dagar	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5	Kategori 5
2-7 dagar	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5
1-2 dagar	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4
<1 dag	Kategori 1	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3

C. Samfunnsverdi for Natur og miljø:

- *Skadar på naturmiljø for lang tid*: Konsekvenskategoriar 1-5 for skade på naturmiljø vert gitt som ein kombinasjon av geografisk utbreiing og kor lang tid skada varar. Utreiing vert gitt som eit område i km² eller som lengde, for eksempel km kystlinje.

Tabell 6: Konsekvenskategori for Samfunnsverdi Naturmiljø

Geografisk Utbreiing	<3 km ² (km)	3-30 km ² (km)	30-150 km ² (km)	>150 km ² (km)
Varigheit				
>10 år	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5
3-10 år	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4

- *Skade på kulturmiljø for lang tid*: Tap og/eller permanent forringing av kulturmiljø/kulturminne vert gitt ut frå status som freding/verneverdi og grad av øydelegging.

Tabell 7: Konsekvenskategori for Samfunnsverdi Kulturmiljø

Status freding/ Verneverdi	Verneverdige kulturminne	Verneverdige Kulturmiljø	Freda kulturminne	Freda kulturmiljø
Grad av øydelegging				
Omfattande øydelegging	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5
Avgrensa øydelegging	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4

D. Samfunnsverdi for Materielle verdiar:

Tabell 8: Konsekvenskategori for Samfunnsverdi Materielle Verdiar

Kategori	Økonomiske tap
5	Svært alvorlege skadar, >500 mill. kr., teknisk infrastruktur vert sett permanent ut av drift
4	Alvorlege skadar på materiell. 100-500 mill. kr., teknisk infrastruktur vert sett ut av drift i fleire månader.
3	Betydelege materielle skadar, 50-100 mill. kr., teknisk infrastruktur er sett ut av drift i nokre døgn
2	Mindre lokale skadar på materiell, 5-50 mill. kr., teknisk infrastruktur ute av drift nokre timar
1	Ubetydeleg skade, <5 mill. kr., teknisk infrastruktur vert påverka i liten grad

Vurdering av risiko (risikomatrise):

Risiko er i NS 5814 definert som uttrykk for kombinasjon av sannsyn for og konsekvensane av ei uønskt hending. I risikovurderinga vert uønskete hendingar plassert inn i ei risikomatrise, og risikoen vert gjeven ut frå sannsyn for hendinga og konsekvens.

Risikomatrisa har 3 soner:

Grøn: Akseptabel risiko – risikoreduserande tiltak er ikkje naudsynt.

Gul: Akseptabel risiko – risikoreduserande tiltak bør vurderast.

Raud: Uakseptabel risiko – risikoreduserande tiltak er naudsynt.

Tabell 9: Risikomatrise

Konsekvens \ Sannsyn	1. Ufarleg	2. Ein viss fare	3. Farleg	4. Kritisk	5. Katastrofal
5. Svært sannsynleg	5	10	15	20	25
4. Sannsynleg	4	8	12	16	20
3. Mindre sannsynleg	3	6	9	12	15
2. Lite sannsynleg	2	4	6	8	10
1. Svært lite sannsynleg	1	2	3	4	5

6.3 Sjekkliste – identifisering av risikoforhold

Identifisering av risikoforhold er sett opp samsvar med vedlegg 1 i rettleiar frå Vågsøy kommune.

Tabell 10: Sjekkliste. Identifisering av risikoforhold

Emne	Bør det gjerast vurdering av følgjande ROS-forhold?	NEI	JA
Naturgitte forhold/ Klima.	a Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred?		X1
	b Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X2
	d Er området utsett for flaum/flaumskred?		X3
	e Er det registrert radon i grunnen?		X4
	f Vil skog-/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	X	
	g Er området sårbar for ekstremvær/stormflo?		X5
	h Er området sårbar for havnivåendringar?	X	
Omgjevnad	a Regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	X	
	b Naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc)?	X	
	c Vil drenering kunne føre til overflauming i lågareliggande område?		X6
Verksemdrisiko	a Omfattar området spesielt farlege anlegg?	X	
	b Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko for området	X	
Brann-/ulykkesberedskap	a Har området utilstrekkeleg sløkkjevasskapasitet (mengde og trykk)?	X	
	b Har området dårlege tilkomstruter for utrykkingskøyrety?	X	
Infrastruktur	a Er det kjente ulykkespunkt på transportnettet i området?		X7
	b Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer, inkl. sjø- og luftfart, utgjere ein risiko for området?	X	
	c Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: - Til skule/barnehage? - Til nærmiljøanlegg (idrett etc)		X8
	d Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
	e Kan området vere utsett for trafikkstøy? (ÅDT>1000)		X9
Kraftforsyning	a Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner?	X	
	b Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	X	
	c Vil tiltaket svekke forsyningstryggleiken i området?	X	
Sårbare objekt	a Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for helse- og omsorgsinstallasjonar, andre viktige off.bygg, informasjons-, kommunikasjons- og beredskapsinstitusjonar: - Elektrisitet? - Teletenester?	X	

Emne	Bør det gjerast vurdering av følgjande ROS-forhold?	NEI	JA
	- Vassforsyning? - Renovasjons/spillvatn?		
	b Er det vassforsyning/drikkevatt i området?	X	
	c Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	d Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
	e Er det fare for dambrot i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
Ulovleg verksemd	a Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

6.4 Vurdering av identifiserte risikoforhold i planområdet

For dei risikoforhold som er identifisert i sjekklister i kap 6.3, er det sett opp i tabell vurdering av sannsyn og konsekvens med talfesting ut frå skildra metode. Risiko = Sannsyn x konsekvens, som vist i risikomatrise.

Tabell 11: Vurdering av Sannsyn og Konsekvens med Samla Risiko for identifiserte risikoforhold frå sjekklister. Før utbygging.

Nr.	Uønskt hending (Før utbygging)	Aktuelt	Sannsyn	Konsekvens	Samla risiko	Kommentar/tiltak
Naturgitte forhold. Klima						
1.	a) Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred?	Ja	3	3	9	SWECO har på vegne av NVE utført skredfarekartlegging for Vågsøy Kommune (2017), sjå vurdering i kap. 6.5
2.	c) Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	Ja	1	1	1	Deknepollvatnet og ei sone rundt vatnet ligg under marin grense, men det er ikkje registrert marine leireavsetningar. Området er på NGU sine lausmassekart, identifisert som tynne morenemassar. Det vert difor vurdert å ikkje vere risiko for ustabil grunn i planområdet.
3.	d) Er området utsett for flaum/flaumskred?	Ja	1	1	1	I skredfarekartlegging (SWECO, 2017), er nominell årlege sannsyn for jord- og flaumskred vurdert å vere er mindre enn 1/5000. I følge NVE sitt aktsemdskart for flaum, kan Deknepollvatnet vere utsett for auka vasstand ved ekstrem flaum. Maks. vasstandsauke er anslått til 2m. Det er innarbeidd omsynssone i plan som sikrar dette område ved høg vasstand.
4.	e) Er det registrert radon i grunnen?	Ja	2	2	4	Registrert som Moderat til lav http://geo.ngu.no/kart/radon/ Dette blir ivare tatt gjennom krav om radonsperre i teknisk forskrift (TEK17, § 13-5).
5.	g) Er området sårbart for ekstremvær/stormflo?	Ja	5	1	5	Geografisk lokalisert ved kysten. Kan vere utsett for ekstremvær (vind, nedbør). Sjå vurdering i kap. 6.5
Omgjevnad						
6.	c) Vil drenering kunne føre til overfløyming i	Ja	2	1	2	Som følge av auka nedbør vil det og bli meir overvatn. Innanfor

Nr.	Uønskt hending (Før utbygging)	Aktuelt	Sannsyn	Konsekvens	Samla risiko	Kommentar/tiltak
	lågareliggande område?					planområdet er dette ikkje vurdert som eit vesentleg problem, då området vil ha god avrenning etter utbygging. Det er heller ikkje lagt opp til at det skal være aktivitet i området som vil føre til forureining av overvatnet.
Infrastruktur						
7.	a) Er det kjente ulykkespunkt på transportnett i området?	Ja	2	3	6	Sjå vurdering i kap. 6.5. Inngår og under tema infrastruktur og trafikktryggleik i konsekvensutgreiing i kap. 7.
8.	c) Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: - Til skule/barnehage? - Til nærmiljøanlegg (idrett etc)	Ja	2	3	6	Mjuke trafikantar til/frå skule sør for planområdet, til/frå Måløy Storsenter og mellom Måløy Storsenter og næringsområdet lenger nord. Sjå vurdering i kap. 6.5. Inngår og under tema infrastruktur og trafikktryggleik i konsekvensutgreiing i kap. 7.
9.	e) Kan området vere utsett for trafikkstøy? (ÅDT>1000)	Ja	5	2	10	Sjå vurdering i kap. 6.5.

6.5 Vurdering av uønskete hendingar og avbøtande tiltak

Hendingar som kjem ut med «grøn risiko», er vurdert som akseptable, og vert ikkje vurdert/kommentert nærare utover det som kjem fram i tabell 11. Hendingar som kjem ut med «gul risiko» vert vurdert nedanfor, saman med forslag til avbøtande tiltak og vurdering av forventa effekt av desse. Det er ingen hendingar som kjem ut med «raud risiko».

Hending 1: Snø- eller steinskred/ steinsprang

SWECO har på vegne av NVE utført skredfarekartlegging for Vågsøy Kommune (2017).


I deira rapport blir det sagt at der ikkje er registrert nokon historiske skredhendingar i området. Dei beskriv lausmassar i området som tynne morenemassar med enkelte parti med steinsprangavsetning, spesielt lengst nord kor det er samanhengande ur ned mot bebyggelse og Deknepollvatnet.

Steinsprang - steinskred:

I følge rapport er det parti i ura som kan losne, og ura tydar på at det truleg har vært steinsprang i området tidlegare, og at eventuelle spor av dette nede på flata då er blitt fjerna ved opparbeiding av området. Dei vurderer årlege sannsyn for steinsprang å vere større enn 1/1000 og 1/5000 for område heilt i aust, og større enn 1/100 for eit lite område i nordaust. Sjå utsnitt av kart i fig. 10. Steinsprang er vurdert som dimensjonerande skredtype i området.

Snøskred – sørpeskred:

SWECO vurderer fare for snøskred som lite sannsynleg då nominelle årlege sannsyn er mindre enn 1/1000. For sørpeskred er sannsyn vurdert til mindre enn 1/5000.



Figur 10: Utsnitt av faresonekart for området (NVE 2017)


Med grunnlag i utarbeidd rapport med faresonekart, samt lokalisering av planlagde tiltak i planforslag, blir det vurdert som tilstrekkeleg å innarbeide omsynssone på plankart i samsvar med TEK17, og knytte føresegner til desse i samsvar med krav i TEK17.

AVBØTANDE TILTAK	FORVENTA EFFEKT
Innarbeide faresoner på plankart i samsvar med TEK17, basert på utførte skredfareundersøkingar i planområdet, og knytte føresegner til disse. Innarbeidd i plan, og i føresegn pkt. 6.4	Svært stor effekt
Dersom det skal utførast tiltak i høgare tryggleiksklasse enn det aktuell omsynsone opnar for, kan dette berre gjerast i samråd med geolog, og med iverksetting av sikringstiltak etter krav frå fagkyndege. Innarbeidd i føresegn pkt. 6.4.	Svært stor effekt

Hending 5: Ekstremvær

Dei klimatiske forholda i planområdet er typisk for denne del av regionen. Vågsøya og fastlandet ved Deknepollen ligg ved Stadthavet, denne kyststrekninga er ein av dei mest nedbørsrike og vindutsette regionane i landet, med hyppige periodar med høg nedbørintensitet og sterk vind.

Vind: Planområdet ligg mellom høgderyggi i aust og mot vest, samt frå høgdedraga på Vågsøya i nordvest og terrenghøgde i søraust. Området er såleis skjerma frå dei kraftigaste vindene frå aust, vest, nordvest og søraust. I følgje utsnitt frå vindkart for årsmiddelvind i 50 m høgde er denne kring 7,5 - 8 m/s for området, sjå figur 11.



Figur 11: Utsnitt frå vindkart for årsmiddelvind i 50 m høgde (Kjeller Vindteknikk/NVE 2009)

I Klimaprofil for Sogn og Fjordane (2016) vert det vist til at det vil vere ei lita eller inga endring i midlare vindforhold i dette hundreåret, men det er knytt stor uvissheit rundt framskrivingane for vind. I rapporten «Klima i Norge 2100» går det fram at dersom ein legg medianverdien for RCP 8.5 senarioet til grunn, vert det berre vist til små endringar både i middelvind og i store vindhastigheiter. Det vert visst ei svak minking i medianverdien for vindhastigheita som overskridast i 1% av tida. Tendensen til lågare verdiar er sterkast vår og sommar. Vinterstid er det derimot ein tendens til auke i medianverdiane.

Nedbør: I følgje www.senorge.no har Måløy ein årsmiddelnedbør i normalperioden 1971-2000 på 3000-4000 mm. I rapporten «Klima i Norge 2100» går det fram at dersom ein legg medianverdien for RCP 8.5 senarioet til grunn, vil ein få ei total auke i nedbørsmengda på 17% i høve normalperioden 1971-2000. Vidare vil det bli ei auke i talet på dagar med kraftig nedbør med 86% (årsverdi for medianen) i høve normalperioden 1971-2000. Det vert og ei auke på 14 % (årsverdi for medianen) i mengda med nedbør på dagar med kraftig nedbør. Det er i klimaprofil for Sogn og Fjordane (2016) estimert at nedbørsmengda vil auke med ca. 15 % fram mot år 2100. Det er presisert at nedbørauken vert størst for dei nedbørsrike områda på kysten, der dagar med mykje nedbør vil førekome oftare og nedbørsintensiteten vil auke.

Tiltak innanfor planområdet bør med bakgrunn i ovanstående dimensjonerast slik at det vert teke omsyn til vind og mykje nedbør, då og til handtering av overvatn i forhold til store mengder regn. Det må takast spesielt omsyn til slagregn ved utforming, plassering og materialval for bygg. Det bør såleis leggst vekt på etablering av klimarobuste bygg.

AVBØTANDE TILTAK	FORVENTA EFFEKT
Nye tiltak skal dimensjonerast slik at dei vil tole forventa belastningar som følgje av vind og slagregn. Innarbeidd i føresegn pkt. 2.11.	Stor effekt

Hending 7: Kjende ulykkespunkt på transportnett i området

Rv15 er på aktuell strekning ikkje registrert som ulykkesstrekning på Statens vegvesen sine vegkart. Det er ikkje registrert ulykker på riksveg-strekket dei siste 10 år. I perioden 1984 - 2006 er det registrert 4 hendingar/ulykker på staden: 1 dødsulykke i kryss til Myrane (2006), 1 alvorleg skada sør for krysset (1987) og 2 registrerte ulykker med lettare skader sør for krysset (1984 og 1992).

Ein kjenner heller ikkje til ulykkes-hendingar på den kommunale vegen til Myrane.

Utbetring av kryss frå Rv15 til Myrane, med omlegging av tilkomst til eksisterande bustader i området, vil redusere faren for nye ulykker på riksvegen og i krysset.

Det er utarbeidd eigen Trafikkvurdering for Måløy Stormarked (iVest Consult, notat datert 15.12.2017), som konkluderer med at utforming av kryss Rv15 x Myrane med trafikkøyr, og omlegging av tilkomstveggar for bustadene, bør innarbeidast i reguleringsplan for Måløy Storsenter.

AVBØTANDE TILTAK	FORVENTA EFFEKT
Innarbeide løysing for utbetring kryss Rv15 x Myrane i reguleringsplanen. Innarbeidd i plan.	Svært stor effekt
Innarbeide løysing for omlegging tilkomst til bustader i reguleringsplanen. Innarbeidd i plan.	Svært stor effekt

Hending 8: Spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området (til skule/nærmiljøanlegg):

Gang-/sykkelveg langs Rv15 gir trygg ferdsel til/frå skule. Det er ikkje etablert overgangsfelt for kryssing av riksvegen ved Måløy Stormarked mellom GS-veg på vestsida og bustader og handelsaktivitet på austsida. Sør for planområdet, ved Skavøypoll skule, er det etablert oppmerka overgangsfelt som leier mot bustader, busstopp og til snarveg mot Stormarkedet. Ved skulen er det og nedsett fartsgrense. Snarveg/sti mellom busstur og Myrane er bratt og ikkje universelt utforma (UU). Neste overgangsfelt ligg ca. 550 meter lenger nord, ved avkøyring til næringsområde med matbutikk og bensinstasjon. Sjå fig 12. Mellom næringsområdet på Myrane (Måløy Stormarked) og området med matbutikk/bensinstasjon, er det ikkje etablert trygg samanbinding for mjuke trafikantar pr. i dag.

Tilkomstveg til Måløy Stormarked og næringsområdet på Myrane, er utan fortau eller gangareal for mjuke trafikantar. Bebruarane i området opplyser at vegen opplevast utrygg for gåande, spesielt ved passering av store køyretøy.


Utviding av Stormarkedet er venta å føre med seg auka trafikk på den kommunale vegen. Betring av løysingane for mjuke trafikantar langs den kommunale vegen, ved tilrettelegging av fortau fram til Måløy Stormarked, vil gjere tilkomstvegen tryggare for mjuke trafikantar. I tillegg vil redusert fart gjere vegen tryggare, ved at låg fart gjer trafikkbilete meir oversiktleg, gir betre tid til å fange opp evt. farer, og kortare stopptid og stopplengd for køyretøy.

Samanbinding av næringsområdet på Myrane og området nordanfor ved Deknepollvatnet, kan gjerast tryggare ved etablering av turveg langs vatnet. Dette vil rett nok ikkje vere ei heilårsløysing, men vil vere ei forbetring i forhold til dagens situasjon, og kan på sikt vere eit supplement til ei evt. permanent heilårsløysing for gåande mellom næringsområda

I trafikkvurderingsnotat for Måløy Stormarked (iVest Consult), er det konkludert med at følgjande bør innarbeidast i reguleringsplanen:

- fortau langs «Myrane-vegen» fram til Stormarkedet
- turveg langs Deknepollvatnet Frå Myrane og nordover til næringsområdet på gbnr. 105/63 (ved Kiwi og YX-stasjonen).

Trafikkvurderingsnotatet konkluderer også med at behov tiltak langs Rv15 bør vurderast i større samanheng for riksvegen i innanfor området Måløybrua – Deknepollen – Tennebø. Dette gjeld både behov



Figur 12: Oversikt over lokalisering dagens situasjon; busstopp (oransje stjerne), GS-veg (blå linje), overgangsfelt (blå strek) og snarveg/sti (grøn stipla linje), samt markering av område for butikkar/næring, skule/barnehage med raud ring (iVest Consult, 2017, notat trafikkvurdering).

for fotgjengarfelt, gang-/sykkelveg på austsida av riksvegen på delar av strekninga, lokalisering busshaldeplassar og redusert fartsgrense. Vågsøy kommune har imidlertid sett krav om at lokalisering av tilrettelagt kryssingspunkt for Rv15 og behov for gang-/sykkelveg/fortau eventuelt på begge sider av riksvegen, samt trafiksikker løysing for busshaldeplass på austsida av riksvegen, må vurderast i denne planen. Dette er vurdert i kap. 7.6.7, og konkludert med at busslomme kan flyttast sørover (ut av siktsone for kryss), og at det kan opnast for etablering av gangsoner langs austsida av riksvegen som knyter busslomme saman med sti/snarveg i grøntstrukturområdet ned mot Stormarkedet, og samstundes gir rom for at det kan etablerast trygt kryssingspunkt for riksvegen sør for busslomme i aust og nord for busslomme i vest, der gåande møter gangareal og snarveg på austsida av riksvegen.

AVBØTANDE TILTAK	FORVENTA EFFEKT
Innarbeide løysing for fortau fram til Måløy Stormarked, langs kommunal veg til Myrane. Innarbeidd i plan.	Svært stor effekt
Innarbeide løysing for turveg langs Deknepollvatnet, frå Myrane og nordover til næringsområdet på gbnr. 105/63. Innarbeidd i plan.	Svært stor effekt
Redusere fart på kommunal veg frå 50km/t til 30km/t. Innarbeidd i plan, og vist til i føresegn pkt. 4.1.3	Svært stor effekt
Vise flytting av busslomme ved kryss mot sør, og ut av siktsone for krysset. Innarbeidd i plan.	Stor effekt
Opne for at det kan etablerast gangveg/gangsoner langs austsida av riksvegen, som knyter busslomme saman med sti/snarveg i grøntstrukturområdet ned mot Stormarkedet, og samstundes gir rom for at det kan etablerast trygt kryssingspunkt for riksvegen sør for busslomme i aust og nord for busslomme i vest, der gåande møter gangsoner og snarveg på austsida av riksvegen. Innarbeidd i plan.	Stor effekt


Hending 9: Trafikkstøy

Bustadar innanfor planområdet er lokalisert i tilknytning til riksvegen. Vegvesenet sine vegkart viser at trafikkmengd på aktuell parsell på Rv15 pr. 2017 er ÅDT=4.850, med 8% lange køyretøy (<https://www.vegvesen.no/vegkart>, 18.01.2018), same trafikkmengd som var opplyst pr. 2016. Trafikkmengd tilseier at bustadane kan vere utsett for trafikkstøy.

Multiconsult as har utført støyfagleg utgreiing i samband med planarbeidet. Rapporten viser at fire bustader ligg i raud støysone (støynivå >65 dB), der to av desse (Myrane 2 og 4) ligg innanfor planområdet. Berekna lydnivå ved fasade, viser støynivå over 65 dB på fasade mot riksvegen, medan fasade mot kommunal veg for bustadane innanfor planområdet, ligg i gul støysone, sjå figur 13.

For kommunal veg til Myrane vart det i 2016 utført trafikksteljing som viser ÅDT=1138 (Statens Vegvesen, 22.04.2016). Utviding av eksisterande Stormarked er forventa å gi ei auke i trafikk på den kommunale vegen, men støyrapporten peiker på at dette vil representere liten endring av støyforholda.

Den kommunale vegen har i dag fartsgrense 50km/t. Nedsett fartsgrense til 30km/t vil, i tillegg til å vere eit tryggingstiltak, kunne vere eit tiltak for å redusere støynivået noko (jfr. støyrapport frå Multiconsult). Som hovudtiltak i forhold til støy for dei støyutsette bustadane, tilrår Multiconsult at det ved utarbeiding av byggeplan vert gjort nærare utgreiing av dei to bustadane i område B for vurdering av eventuelle støytiltak. Rapporten peiker på at det er støy frå riksvegen som er dominerande støykjelde, og utgreiingskrav bør såleis knytast mot byggeplan for riksvegen.



Figur 13. Multiconsult as, 28.06.2018. Berekna lydnivå ved fasaden til dei to bustadane innanfor planområdet (område B) og som ligg i raud støysone. Rv15 er dominerande støykjelde.

AVBØTANDE TILTAK	FORVENTA EFFEKT
Krav om at grenseverdier for støy skal overholdast ved nye tiltak. Innarbeidd i føresegn pkt 2.8.	Stor effekt
Krav om nærare utgreiing for eventuelle støytiltak for bustadane i område B1 ved utarbeiding av byggeplan for riksvegen.	Stor effekt
Redusere fart på kommunal veg frå 50km/t til 30km/t. Innarbeidd i plan, og vist til i føresegn pkt. 4.1.3	Litt effekt

6.6 Oppsummering etter utbygging med tilrådde avbøtande tiltak

Tabell 12: Vurdering av Sannsyn og Konsekvens med Samla Risiko for identifiserte risikoforhold frå sjekklista. Etter utbygging.

Nr.	Uønskt hending (Etter utbygging)	Aktuelt	Sannsyn	Konsekvens	Samla risiko	Kommentar/tiltak
Naturgitte forhold. Klima						
1.	a) Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred?	Ja	3	3	9	Ingen endring som følgje av planlagt utbygging.
2.	c) Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	Ja	1	1	1	Ingen endring som følgje av planlagt utbygging. Konsekvens minimal også før utbygging.
3.	d) Er området utsett for flaum/flaumskred?	Ja	1	1	1	Konsekvens minimal både før og etter utbygging. Det er innarbeidd omsynsone langs Deknepollvatnet som sikrar dette område ved høg vasstand.
4.	e) Er det registrert radon i grunnen?	Ja	2	1	2	Konsekvens redusert gjennom avbøtande tiltak (krav om radonsperre i TEK17)
5.	g) Er området sårbart for ekstremvær/stormflo?	Ja	5	1	5	Planen vil ikkje endre klimaframskrivningane (sannsyn), men krav i plan kan gjere nye bygg betre rusta til å tole klimaendringane. Konsekvens minimal også før utbygging.
Omgjevna						
6.	c) Vil drenering kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	Ja	1	1	1	Krav til overvasshandtering, vil kunne redusere sannsyn.
Infrastruktur						
7.	a) Er det kjente ulykkespunkt på transportnettet i området?	Ja	1	3	3	Utbetring av kryss til Rv15 er innarbeidd i plan. Meir oversiktleg og trafikktrygg løysing vil redusere sannsyn for ulukker.
8.	c) Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: - Til skule/barnehage? - Til nærmiljøanlegg (idrett etc)	Ja	1	3	3	Planløysing opnar for trygg kryssing av riksvegen, men vurdering rundt faktisk etablering bør gjerast av vegeigar (enkeltvurdering eller i større samheng/byggeplan for Rv15). Ved å opne for gangveg langs Deknepollvatnet, vil planen og opne for at gåande/syklende kan ferdast trygt for mellom Stormarkedet og butikkar nord for Stormarkedet, sjølv om dette ikkje vert heilårsbruk. Tiltaket er vurdert å redusere risiko knytt til transportnett.

Nr.	Uønskt hending (Etter utbygging)	Aktuelt	Sannsyn	Konsekvens	Samla risiko	Kommentar/tiltak
9.	e) Kan området vere utsett for trafikkstøy? (ÅDT>1000)	Ja	4	2	8	Bustadar innanfor planområdet er lokalisert i tilknytning til riksvegen, med Rv15 som dominerande støykjelde. Utviding av eksisterande Stormarked vil også gje auke i trafikk til næringsområdet, men støyrapporten peiker på at dette vil representere liten endring av støyforholda. Ved å sette krav om nærare utgreiing vedr vurdering av eventuelle støytiltak for bustader i raud støysone, i samband med byggeplan for riksveg, vil planen kunne resultere i ei betring for bustadene. Redusert fartsgrense i kommunal veg, vil og kunne vere eit bidrag til ei lita betring.

7. KONSEKVENsutGREIING

7.1 Planprogram

Det er utarbeidd planprogram for planarbeidet (iVest Consult as, 2016). Revidert planprogram er godkjent av Vågsøy kommunestyre den 16.06.2016, K-sak 060/16. Planprogrammet skal leggest til grunn for arbeidet med planarbeidet.

7.2 Tema som skal konsekvensutgreiast

Av planprogrammet går det fram at følgjande tema skal konsekvensutgreiast:

- Landskap og Estetikk
- Naturmiljø/Naturmangfald
- Kulturmiljø
- Friluftsliv og nærmiljø
- Infrastruktur og trafikktryggleik
- Stadutvikling, kjøpesenter

For kvart tema i konsekvensutgreiinga, er det i programmet spesifisert hovudproblemstilling, tilrådd metode og oversikt over eksisterande kunnskap (grunnlagsmateriale), og desse er lista opp i tabellane nedanfor.

I tillegg skal tema Folkehelse/born og unge/funksjonshemma og eldre/universell utforming og Strandsone/sjø/vassdrag utgreiast.

Ikkje prissette konsekvensar:

På bakgrunn av omfanget og verknadene i planarbeidet er det i planprogrammet lagt vekt på at følgjande tema for ikkje prissette konsekvensar skal gis særlig fokus i konsekvensutgreiinga:

1. *Landskap og estetikk*
2. *Naturmiljø/naturmangfald*
3. *Kulturmiljø*
4. *Friluftsliv og nærmiljø*

1.	Landskap og estetikk
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	Det meste av planområdet er opparbeidd med etablerte fyllingar og planerte flater til eksisterande næring, veg og tilhøyrande infrastruktur. Deknepollvatnet er eit viktig element i landskapsbildet på staden. Vurdering av eksisterande tiltak på område regulert til friområde og avbøtande tiltak. Grad av ny fylling, skjering og planering kan påverke landskapsbildet og estetiske kvaliteter på staden. Fokus på god landskapstilpassing med estetisk tilnærming er viktig i planprosessen.
Metode	Vurdere kor store endringar tiltaka er antatt å representere for landskapet i det berørte området, synlegheit og fjernverknad. Vurdering opp mot 0-alternativet. Utarbeide illustrasjonar over tiltaka med grunngjeving av val av type. Vurdering av avbøtande tiltak både i høve eksisterande fylling og nye tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga.
Grunnlagsmateriale	- Synfaring. - Kart med terrenginngrep. - Foto og illustrasjonar utarbeidd med utgangspunkt i Trondheim kommunen sin rettelaire « <i>Illustrasjonsveileder for plansaker</i> ».

2.	Naturmiljø/Naturmangfald
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	Planområdet er i stor grad utbygd, men omfattar også eit friområde, og ligg i tilknytning til Deknepollvatnet. Det ligg ikkje føre registreringar av særskilde naturmiljø, naturmangfald, biologisk mangfald eller artar innanfor planavgrensinga. Det er registrert framande artar i Måløy som inngår i vedlegg 1 i Forskrift om fremmede organismer. I planarbeidet skal det kartleggast om det er slike artar innanfor planområdet, og dersom slike artar er tilstades skal det innarbeidast rekkjefølgjekrav i føresegene til planen for å hindre spreiding, i samsvar med reglane i forskrifta.

Metode	Planen sin verknad for naturmiljø, naturmangfald og biologisk mangfald vert vurdert på bakgrunn av føreliggande registreringar. Vurdering opp mot 0-alternativet. Vurdering av avbøtande tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> - Naturmangfaldlova - Forskrift om fremmede organismer - Artsdata i Artsdataregisteret. - Naturbasen til Miljødirektoratet - Fylkesatlas. - Framlegg til arealbruk. - Tilbakemelding/innspeil frå Miljøvernadv. hjå Fylkesmannen.

3.	Kulturmiljø
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	Der er ingen registrerte kulturminner, eller andre kulturverdiar innanfor planavgrensing eller i området rundt.
Metode	Planen sin verknad for kulturminner og kulturmiljø vert vurdert på bakgrunn av føreliggande registreringar og innspel frå kulturmynde. Vurdering opp mot 0-alternativet. Vurdering av avbøtande tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> - Fylkesatlas - http://www.kulturminnesok.no - Framlegg til arealbruk. - Tilbakemelding/innspeil frå kulturmynda.

4.	Friluftsliv og nærmiljø
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	Planområdet grensar mot Deknepollvatnet som er eit område som vert nytta til friluftsliv. Etablering av sti til Deknepollvatnet som kan knytast til sti/gangveg rundt vatnet i samsvar med kommuneplanen. Skavøypoll Idrettslag har planar om opparbeiding av denne. Vurdere rekkjefølgjekrav knytt til krav om endring av eksisterande fylling i friområdet, som vilkår for ytterligere utfylling innanfor planområdet. Det skal og vurderast og grunnjevast kva som er tilstrekkelig areal for friområde med sti langs vatnet. Legge til rette for samanhengande grøntstruktur frå riksvegen til vatnet.
Metode	Planen sin verknad for friluftsliv og nærmiljø i og rundt planområdet vert vurdert på bakgrunn av føreliggande registreringar. Etablering av sti til vatnet vil bli vurdert i planarbeidet. Vurdering av planen mot RPR for barn og unge. Vurdering opp mot 0-alternativet. Vurdering av avbøtande tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> - Informasjon frå offentlege instansar, kommunen og organisasjonar. - Synfaring. - Kart med terrenginngrep. - Foto og illustrasjonar.

Andre konsekvensar:

På bakgrunn av omfanget og verknadene i planarbeidet er det i planprogrammet lagt vekt på at følgjande andre tema skal gis særlig fokus i konsekvensutgreiinga:

5. *Folkehelse/born og unge/funksjonshemma og eldre/universell utforming*
6. *Strandsone/sjø/vassdrag*
7. *Infrastruktur og trafikktryggleik*
8. *Stadutvikling, kjøpesenter*

5.	Folkehelse, born og unge, funksjonshemma og eldre, universell utforming
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	Det er ikkje serleg tilrettelagt for folkehelseiltak og born og unge innanfor planområdet i dag. Næringsareala har tilrettelagt tilkomst for bil, men ikkje med serleg omsyn til born og unge, samt funksjonshemma og eldre. Innanfor planområdet er det ikkje etablert område for leik eller felles møteplassar i friluft.
Metode	Folkehelse, born og unge, funksjonshemma og eldre, samt universell utforming vil bli vurdert som del av planprosessen, då med fokus på tilkomst og friluftsliv i eit folkehelseperspektiv. Framlegging av forslag til avbøtande tiltak vert og ein del av vurderingane.

	Vurdering opp mot 0-alternativet. Vurdering av evt. avbøtende tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> - Framlegg til arealbruk. - Rettleiar for Universell utforming. - TEK10. - Tilbakemelding/innspel frå kommunens koordinator for Miljøretta Helsevern. - Innspel frå interesseorganisasjonar/nabolag.

6.	Strandsona, sjø og vassdrag
Hovudproblemstilling og fokus for utgreiinga	Planområdet ligg innanfor 100-meters belte for strandsona, sjø og vassdrag, i nær tilknytning til Deknepollvatnet.
Metode	Vurdere omfang av nye inngrep knytt til strandsona på staden og evt. verknad av planlagde tiltak for Deknepollvatnet. Vurdering opp mot 0-alternativet. Vurdering av evt. avbøtende tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> - Framlegg til arealbruk. - Statlege planretningslinjer for Strandsoneforvaltning.

7.	Infrastruktur og trafikktryggleik
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	Det kan forventast at trafikkmengde aukar i forbindelse med planlagd utviding. Det er også viktig å etablere trygg tilkomst til og frå området, også for gåande og syklende.
Metode	Utarbeide trafikkvurdering for tilkomst til planområdet, inkludert trafikktejljng for eksisterande situasjon i utvalde punkt. Vurdere løysing for tilkomstveg og behov for infrastrukturtiltak som vegkryss, utbetringspunkt, fortau eller alternative vegar. Vurdere samla trafikkkløysing innanfor planområdet, inkludert tilkomst til området. Planlagde tiltak vil og vurderast i forhold til kollektivtrafikksystem. Vurdere infrastruktur knytt til gåande/syklende, og vurdere rekkjefølgjekrav i samband med dette og kryssutforming». Vurdering opp mot 0-alternativet. Vurdering av evt. avbøtende tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga, og løysingsforslag gjenspeglast i plankart/føresegner.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> - Framlegg til arealbruk. - Handbok N100 Veg- og gateutforming. - Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss. - håndbok V713: Trafikkberegninger - Innspel frå kommunen og vegvesenet. - Trafikkvurdering, inkludert trafikktejljng på avkøyrslle frå Rv15.

8.	Stadutvikling, kjøpesenter
Hovudproblemstilling og fokus for utgreiinga	Vidareutvikling av eksisterande kjøpesenter med tilhøyrande infrastruktur.
Metode	Vurdere utvikling av kjøpesenter opp mot 0-alternativet. Vurdere utvikling opp mot «kjøpesenterforskrifta» og Fylkesplan. Vurdere avbøtende tiltak i forhold til nærliggande bustadar. Utarbeide handelsanalyse der det mellom anna skal skildrast: <ul style="list-style-type: none"> • No-situasjonen - handelstilbod, etterspurnad og dekningsgrad i Vågsøy og handelslekkasjar i fylket/regionen i dag. • Konsekvensar for handel og omsetning av varer i sentrum. • Trafikkanalyse som viser konsekvensar for trafikkavvikling på strekningen Deknepollen Måløy sentrum. • Konsekvensar for servicebedrifter og Måløy sentrum som sosial møteplass. Løysingsforslag gjenspeglast i plankart/føresegner.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> - Framlegg til arealbruk. - Fylkesdelplan for arealbruk. - Kommuneplan for Vågsøy. - Forskrift om rikspolitiske bestemmelse for kjøpesentre.

7.3 Metode konsekvensutgreiing

7.3.1 Datainnsamling

I tillegg til kjent grunnlagsinformasjon, har det gjennom planarbeidet vore utarbeidd nye fagrapportar innanfor handel og trafikk (Handelsanalyse av Vista Analyser as og Trafikkvurdering av iVest Consult as). Ved utarbeidinga av Konsekvensutgreiinga er data henta frå kjelder oppgjeve i kapittel 10 Referansar.

7.3.2 Metode

Konsekvensvurderingane er baserte på metode som framgår av Statens Vegvesen sin Handbok V712 Konsekvensanalysar, frå 2006. Det er valt å nytte metode for ikkje-prisette konsekvensar som grunnlag for alle tema som skal konsekvensutgreiast. Planforslaget vert vurdert opp mot alternativ 0, som tek utgangspunkt i dagens situasjon utan utvikling av området.

Ikkje prisette konsekvensar:

I vurdering av ikkje prisette konsekvensar, står omgrepa verdi, omfang og konsekvens sentralt:

Med **verdi** meiner ein ei vurdering av kor verdifullt eit område eller miljø er.

Med **omfang** meiner ein ei vurdering av kor store endringar tiltaket kan føre til for dei ulike tema.

Men **konsekvens** meiner ein ei avveging mellom fordelar og ulemper ved tiltaket i høve til dei ulike tema

Forslag til avbøtande tiltak inngår **ikkje** i vurderinga av omfang og konsekvens.

Verdien vert fastsett etter ei tredelt skala – liten verdi, middels verdi og stor verdi. Vidare vert omfanget fastsett etter ei sjudelt skala frå Stort positivt til Stort negativt. Konsekvens vert så angitt gjennom samanstilling av verdi og omfang etter ein nidelt skala frå Meget stor positivt konsekvens (++++) til Meget stor negativ konsekvens (----), sjå figur 14.

Verdi Omfang	Verdi		
	Liten	Middels	Stor
Stort positivt			Meget stor positiv konsekvens (++++)
Middels positivt			Stor positiv konsekvens (++++)
Lite positivt			Middels positiv konsekvens (+++)
Intet omfang			Ubetydelig (0)
Lite negativt			Liten negativ konsekvens (-)
Middels negativt			Middels negativ konsekvens (- -)
Stort negativt			Stor negativ konsekvens (- - -)
			Meget stor negativ konsekvens (----)

Figur 14: Konsekvensvifte (Statens Vegvesen, Handbok V712)

7.4 Alternativ 0

Alternativ 0 tek utgangspunkt i vidareføring av dagens situasjon og gjennomføring av tiltak i samsvar med gjeldande arealdel til kommuneplan for Vågsøy kommune og i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området. Reguleringsplanen viser områder til industriformål, bustadformål og friluftsområde (sjå fig. 3, side 3).

I kommuneplanens arealdel er det aktuelle området for Måløy Stormarked i hovudsak avsett til framtidig- og noverande område for industri (område I og I2), og til LNF-område (sjå fig. 2, side 3). Kommuneplanen viser også bustadformål ved eksisterande bustader i området, samt at det er lagt inn framtidig sti rundt Deknepollvatnet.

Rikspolitiske bestemmelser og regionale planføresegner om kjøpesenter legg føringar for etablering og utviding av kjøpesenter.

I 0-alternativet ligg det såleis føringar om at planområdet kan nyttast til næring og bustad som i dag, men utan utviding av kjøpesenter. I friområdet kan det etablerast sti langs Deknepollvatnet.

7.5 Vurdering av alternativ

Det er ikkje vurdert alternativ lokalisering, då planformålet er direkte knytt til avsett planområde (utviding av eksisterande Måløy Stormarked).

I samsvar med godkjent planprogram er det derimot vurdert ulike alternativ for utbygging av parkeringsplass, som skildra nedanfor:

- Alternativ 1 er utbygging av parkeringsplassar i friområdet.
- Alternativ 2 vil vere parkeringsareal i underetasje dekkja med parkmessig utforming på toppen, plassert i eksisterande friområde. Alternativ 2 er i samsvar med kommunens forslag på oppstartsmøtet.
- Alternativ 3 med alternativ løysing for parkeringsplassar der «p-hus» blir lokalisert i bakkant i 1.etg. og utviding av kjøpesenter i 2. etg over det nye parkeringsarealet eller eventuell annan plassering av p-plasser inne i bygget. Dette er eit alternativ utan utfylling av grøntareal. Alternativ 3 er i samsvar med fylkesmannen sin merknad til planarbeidet.

Det er gjort eit forenkla studie av moglegeheiter, der det er sett på tre ulike parkeringsprinsipp (Aaland Arkitektkontor, 26.10.2016):

- a) overflateparkering
- b) parkering under terreng
- c) parkering under påbygg/utviding av bygg

For desse parkeringsprinsippa er det vidare gjort kalkulasjonar på ut frå tabellar frå Norsk Byggtjeneste/Byggfaktagrupperen, Byggekostnader for 3.kvartal 2016 og Norsk Prisbok (Norconsult). På dette grunnlag er det funnet følgjande hovudmoment for dei ulike alternativa;

Alternativ 1: Overflateparkering - *Utbygging av parkeringsplassar i friområdet (Aaland Arkitektkontor as)*. Omfattar utfylling av ca. 3 da areal mot vest i eksisterande friområde. Utfylt areal til parkeringsplass vil gi plass til 100-120 parkeringsplassar, og vil kunne dekke inn både parkeringsbehov knytt til utviding av Stormarkedet og oppjustering for dagens kapasitet for kundeparkering. Fyllinga vil opparbeidast ved vidareføring av eksisterande utfylling mot vest/nord-vest. Det er lagt inn tiltak for å arrondere og stelle til fyllingsfronten som vender mot friområdet mot vatnet på ein estetisk god måte, stadvis med natursteinsmur og stadvis ved at fyllinga skal får ei jordkledd skråning med beplanting og tilsåing og parkmessig preg.

Berekning av kostnad:

I tillegg til kostnader knytt til utfyllinga, er det medrekna kostnader med grønt-rabattar, avrenning, belysning, asfaltering og oppmerking.

Basert på Norsk Prisbok (Norconsult as), er kostnad for parkering etter dette alternativet berekna til ca. kr. 5,2 mill. Dette tilsvarar ca. 45.000 - 55.000 kr. for kvar ny parkeringsplass.

Alternativ 2: *Parkering under terreng (Aaland Arkitektkontor as)*.

Denne modellen inneber etablering av parkeringskjellar under terreng. Det er tatt utgangspunkt i ei parkeringskjellar på ca. 1.250m² med plass til ca. 52bilar ned i kjellaren i tillegg til 58bilar oppå parkeringsdekket; totalt 110 bilar. Løysing med parkeringskjellar inneber og at det må etablerast trapperom og heis, for å kunne ivareta tilkomst/universell tilkomst.

Berekning av kostnad:

Basert på kalkyle for parkeringshus i Norsk Prisbok er kostnad for parkering etter dette alternativet berekna til ca. kr. 20,5 mill (16.400 pr. m² x 1.250m²). I tillegg kjem opparbeidinga av terrenget med skråningar rundt kjellaren og tiltak oppå dekket med belysning, oppmerking, avrenning osv. på ca. 2,0mill. Totale kostnader for eit slikt parkeringsanlegg er då berekna til 22,5 mill.kr. som vil tilsvarar ca. 205.000kr for kvar parkeringsplass. Dersom det vert etablert park oppå parkeringsdekke i staden for parkeringsplassar, vil kostnadar pr. parkeringsplass om lag doblast (ca. 400.000 kr pr. plass).

Alternativ 3: *Parkering under påbygg/utviding av bygg (Aaland Arkitektkontor as)*.

Dette alternativet inneber at ein må grave ut av eksisterande fylling, slik at planlagt utviding av bygget mot vest vil få ei nedkøyring i sør-vestre hjørnet til ein underliggende parkeringsetasje. Dette betyr at heile fyllinga framfor noverande bygg då i tilfellet må utgravast heilt eller delvis slik at utviding av bygget vert

plassert oppå denne parkeringskjellaren. Dersom denne modellen hadde vore påtenkt og dimensjonert for ved bygginga av eksisterande bygg, kunne dette vore ei god løysing. Eksisterande bygg er derimot ikkje dimensjonert for ei slik utbygging – utgraving av ny parkeringskjellar framfor noverande bygg vil medføre store utfordringar med eksisterande bæresystem, fundament osv. Reint praktisk vil det også bety at heile bygget må avsperrast i fronten i byggetida.

Berekning av kostnad:

Kostnadane etter dette alternativet, vil for sjølve parkeringshuset minst ligge på same nivå som for alternativ 2. I tillegg kjem kostnader knytt til usikkerheit omkring fare for skade på eksisterande bygg, kostnader med avsperring i byggetiden og reduserte inntekter. Prinsippet med underliggende parkering under nytt tilbygg, er på dette grunnlag lagt bort, og heller ikkje kostnadsberekna.

Konklusjon for val av parkeringsløysing:

Etter ei samla vurdering både teknisk, funksjonelt og økonomisk er det konkludert med at det er alternativ 1 - overflateparkering - som er best eigna for utvida parkering ved Måløy Stormarked. Dette vil løyse eksisterande og framtidig behov for å dekke ei forsvarleg parkering. Planforslag er utarbeidd basert på alternativ 1 for parkeringsprinsipp, og det er dette alternativet som vert konsekvensutgreidd.

7.6 Konsekvensutgreiing

7.6.1 Landskap og Estetikk

Området er i eit dalstrøk som strekkjer seg frå nordvestleg til søraustleg retning og er derfor i eit landskap som er visuelt avgrensa av høgdedraga rundt.

Deknepollenvatnet ligg som ei forlenging av strandflata som munnar inn frå Ivahavet og Ulvesundet, men området har ikkje visuell kontakt med sjøen sjølv om området ligg i nær tilknytning til kysten.

Det meste av området er opparbeidd gjennom mange år med etablerte bustadar, næring, veg og tilhøyrande infrastruktur. Høgdedraga gjev det overordna landskapsbildet i området eit «grønt» preg.

Planområdet ligg i eit eige landskapsrom, i eit dalsøkk tilbaketrekt frå riksvegen, og såleis skjerma.

Det meste av området innanfor planavgrensing er opparbeidd med etablerte fyllingar og planerte flater til eksisterande næring, veg og tilhøyrande infrastruktur, samt bustadar.

Dei store næringsbygga på staden er noko tilfeldig plassert, og områda rundt bygga er dominert av asfalt og parkeringsflater. Deknepollvatnet og høgdedrag i aust er likevel dominerande element i landskapsbildet innanfor store delar av planområdet.

VERDI

Eksisterande bygningskroppar innanfor området har få arkitektoniske kvalitetar, der etablering av dei ulike bygga har skjedd over tid og med tilfeldig plassering i forhold til kvarandre (med unntak av bustadane som ligg etablert langs vegen). Dette gjev området eit «uryddig preg». Eksisterande bygg for Stormarkedet er etablert på ei større fylling som strekker seg heilt ned til vatnet nokre stadar. Fyllinga er dominerande, bratt, og med dårleg overgang til eksisterande terreng.

Deknepollvatnet gjev området visuell verdi, og vatnet og området rundt vatnet har kvalitetar av lokal betydning. Dei estetiske kvalitetane innanfor planområdet er i hovudsak knytt til strandsona (sjølve vatnet ligg utanfor planområdet), men etablert fylling verkar skjemma for delar av området langs vatnet.

I eit landskapsperspektiv vil Deknepollvatnet og strandsona omkring gi eit godt totalinntrykk i området, medan bygg og anlegg i området vil gi eit redusert totalinntrykk i området. Med vekt på dei lokale kvalitetane for vatnet og området rundt vatnet, er området gitt Middels verdi i landskapsbildet.



OMFANG

Planlagt tiltak er ei utviding av eksisterande situasjon. Planområde er lokalisert i eit område som gjev lite fjernverknad i landskapet, men tiltak med ny fylling i friområdet vil vere godt synleg frå Deknepollvatnet. Grad av ny fylling og planering vil påverke landskapsbildet og estetiske kvalitetar i dette området dersom

dette ikkje blir gjort på ein god måte. Fokus på god landskapstilpassing, med estetisk tilnærming og god materialbruk er derfor viktig for å dempe omfang av tiltak. Tiltakets omfang for landskapsbildet innanfor planavgrensing er vurdert å vere lite negativ, då planlagt tiltak er innanfor eit område med få estetiske kvalitetar.

Stort positivt	Middels positivt	Lite positivt	0	Lite negativt	Middels negativt	Stort negativt
▲						



Figur 15: Nositasjon for Måløy Stormarked med utfylling, strandsoner og landskap mot Deknepollvatnet. Sett frå strandsona langs Deknepollvatnet (Foto iVest Consult as, 13.06.2017).



Figur 15: Framtidig situasjon med utviding av Måløy Stormarked, etablering av ny parkeringsplass på fylling med murt avslutning, opparbeiding av gangveg og friluftstiltak langs Deknepollvatnet og opprydding av eksisterande fylling. Sett frå strandsona langs Deknepollvatnet (Illustrasjon iVest Consult as).

KONSEKVENNS:

Planområde er lokalisert i eit område som gjev lite fjernverknad i landskapet, men tiltak med ny fylling i friområdet vil vere godt synleg frå Deknepollvatnet. Grad av ny fylling og planering vil påverke landskapsbildet og estetiske kvalitetar her. Men planlagt tiltak har samstundes potensiale til å rydde opp i eit område som i dag framstår som uryddig, og på den måten heve dei estetiske kvalitetane i området dersom det blir gjort på ein god måte.

Med føringar som stillar krav om estetisk tilnærming, god landskapstilpassing, og god materialbruk, vil ein kunne heve dei estetiske kvalitetane på staden og skape eit landskapsrom som er godt å vere i, og bør innarbeidast som avbøtande tiltak. Figur 15 viser eksisterande situasjon i området pr. juni 2017, medan figur 16 illustrerer korleis området kan opparbeidast med innarbeiding av krav til avbøtande tiltak. Med bakgrunn i at verdi er vurdert å vere middels, og omfang er vurdert å vere lite negativt, vert konsekvens for Landskap og estetikk i planområdet derfor samla sett liten negativ, jfr. konsekvensvifte i figur 14.

Konsekvens: Liten negativ (-)

7.6.2 Naturmiljø/Naturmangfald


Det meste av planområdet er påverka av menneskeleg aktivitet, der størsteparten av området er utfyllt og planert. Det ligg ikkje føre registreringar av særskilde naturinteresser eller raudlistearter i området, og det er heller ikkje kartlagde naturtypar/naturområde i området.

Lausmassedekke på staden består i hovudsak av morenemassar, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunn. Hovudbergart i området er Diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, noke som i utgangspunktet gir grunnlag for næringsfattig vegetasjon. Vegetasjonen på staden er typisk for område med artar som Einer, Rogn, Bjørk, Furu og Selje, medan botn- og feltsjikt er dominert av Bjørnemose, Frytle og Geiterams, for å nemne nokon. Det er ikkje registrert framande artar ("svartlistearter") innanfor planområdet.

VERDI

Delar av planområdet er i stor grad utbygd, men omfattar også strandsona langs Deknepollvatnet og eit friområde i tilknytning til dette. Det ligg ikkje føre registreringar av særskilde naturmiljø, naturmangfald, biologisk mangfald eller artar innanfor planavgrensinga som gjev området særskilt verdi i forhold til

biologisk mangfold. Strandsona er antatt å ha ein verdi for naturmiljøet på staden, utan at det er knytt særskilde artar eller viktig naturområde til denne.



OMFANG

Planforslaget opnar for etablering av fylling i tilknytning til eksisterande parkeringsplass. Det blir og lagt opp til etablering av gangveg langs sørvestre del av Deknepollvatnet. Det er ikkje vurdert som sannsynleg at planlagt tiltak vil gi endring i viktige biologiske eller landskapsøkologiske samanhengar, eller endre artsmangfaldet eller førekomst for enkeltartar.

Tiltak er derfor vurdert til å ha lite/intet omfang for Naturmiljø/Naturmangfald.



KONSEKVENNS:

Den delen som er planlagt utfylt til å omfatte nytt parkeringsareal ligg i dag som eit naturområde med menneskeleg påverknad. Utfyllinga vil endre området karakter, men ikkje gi endring i viktige biologiske eller landskapsøkologiske samanhengar, artsmangafld eller enkeltartar.

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilfredstillande i forhold til Naturmangfaldloven (nml) § 8.

Planframlegget vil med bakgrunn i denne kunnskapen ikkje føre til irreversibel skade for naturmiljø eller enkelt-artar, jamfør nml § 9. Det ikkje vurdert som sannsynleg at tiltak for utbygging i området slik det vert lagt opp til i planframlegget vil gje vesentleg auke i samla belastning på økosystem, jfr nml § 10. I forhold til nml § 12 sitt krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar føreset planframlegget gjennom plankart og føresegnene at utbygginga skal gjerast på ein miljøfagleg god måte.

Det ligg innanfor føresetnadane med planen at det er tiltakshavar som skal bære alle kostnader knytt til evt. skade på naturmangfaldet ved gjennomføring av utbygging etter planen, jfr nml § 11.


Verdi er vurdert som liten og omfang som lite/intet og konsekvens for Naturmiljø/Naturmangfald i planområdet blir derfor samla sett ubetydeleg, jfr. konsekvensvifte i figur 14.

Konsekvens: Ubetydeleg konsekvens (0)

7.6.3 Kulturmiljø


VERDI

Det ligg ikkje føre kjente/tilgjengelege registreringar av verna kulturminner, viktige kulturmiljø eller automatisk freda kulturminne innanfor eller i tilknytning til planområdet (Askeladden.ra.no). Verdi er derfor satt til liten.



OMFANG

Utbygging i planområdet berører ikkje kjende kulturmiljø eller andre kulturverdiar. Omfang er difor vurdert som intet.



KONSEKVENNS:

Planlagde tiltak vil ikkje ha nokon påverknad for kjende kulturmiljø eller kulturminne i området. Med bakgrunn i kjend kunnskap er verdi og omfang er vurdert som liten/intet og konsekvens for Kulturmiljø i planområdet blir derfor samla sett ubetydeleg, jfr. konsekvensvifte i figur 14.

Konsekvens: Ubetydeleg konsekvens(0)

7.6.4 Friluftsliv og nærmiljø

Planområdet grensar mot Deknepollvatnet som er eit område som vert nytta til friluftsliv. Dette vere seg fiske og bading, turgåing, kajakkpadling med meir. I kommuneplanen er det lagt inn framtidig gangveg rundt vatnet. Deler av denne er no bygd, ved at det i 2018 er etablert gangbru på i austre del av vatnet, mellom området med pumpestasjonen og neset nord for planområdet, sjå figur 17 og eksisterande situasjon i illustrasjon vedlagt planforslaget (vedlegg 4) . I tillegg er det etablert/under bygging gangveg på nordsida av vatnet.

Planområdet inkluderer eit område som er regulert som friområde i eldre plan og i kommuneplanen. I samband med utbygging av eksisterande kjøpesenter, vart det fylt i delar av dette område. Fyllinga er etablert som ein villfylling utan plastring eller muring, og strekkar seg nokon stadar heilt ned til vatnet. Utover etablert veg til pumpestasjon og ned mot Deknepollvatnet, er det pr i dag ikkje spesielt tilrettelagt for friluftsliv eller nærmiljøtiltak innanfor sjølve planområdet. Eksisterande friluftstiltak ligg i hovudsak utanfor planområdet.

VERDI

Områder med vatn slik som Deknepollvatnet er ofte viktige områder for rekreasjon og friluftsliv, då særleg for nærmiljøa rundt områda, og området rundt Deknepollen har såleis ei lokal betydning som friluftsområde. Deknepollvatnet er og nytta som aktivitetsområde av skule og barnehage i området, og er såleis eit område som har bruksverdi for fleire og har kvalitetar som er attraktive for fleire. Verdisetting av området etter metode slik den framgår av Statens Vegvesen sin Handbok V712, gjev då området middels verdi.



OMFANG

Utviding av parkeringsområde for Måløy Stormarked er i eit område avsett til friluftslivformål. Dette området vert ikkje nytta til friluftslivformål i dag, med unntak av vegen ned til det kommunale pumpehuset og til vatnet. Tiltak med utfylling/nedbygging vil hindre eventuell framtidig bruk av delar av dette området, medan vegen til pumpehuset er foreslått lagt om i planen, slik at tilkomst mot vatnet vert sikra. For strandsona langs vatnet vil planlagt turveg (GT) og tiltak i planlagt friområde (GF) gjere bruksmuligheita for området større, og planen legg såleis til rette for realisering av delar av den framtidige stien som er ønskt etablert rundt vatnet.

Utfylling/nedbygging av ca. 3 daa innanfor regulert friområde, vil redusere tilgjengeleg/potensielt friareal, og for dette området isolert vil planlagde tiltak ha middels negativt omfang.

Forslag til turveg og betring av friluftstilhøva ved Deknepollvatnet, er tiltak som også vil kunne realiserast ved 0-alternativet (ingen utviding av Stormarkedet).

Samla vert omfang av planforslaget vurdert som middels negativ for friluftslivet.





Figur 17: Nosituasjon for Måløy Stormarked med nyetablert gangbru i austre del av Deknepollvatnet. Sett frå nord (Foto: Per Gunnar Frantzen, 18.09.2018).



Figur 17: Framtidig situasjon med utviding av Måløy Stormarked, etablering av ny parkeringsplass på fylling med murt avslutning, opparbeiding av gangveg og friluftstiltak langs Deknepollvatnet. Sett frå nord (Illustrasjon iVest Consult as).

KONSEKVENNS:

Delar av arealet innafor tiltaksområdet vil ikkje lenger kunne nyttast til friluftsføremål etter utbygging, medan planlagde friluftstiltak og turveg vil gjere området meir attraktivt enn dagens situasjon. Tilrådde tilretteleggingstiltak for friluftsbuk og nærmiljøtiltak i området, vil kunne vege opp for reduksjon i arealet. Det er viktig at utbygging blir gjort på ein god måte, og med stort fokus på overgang mellom utfylling og tilgrensande friområde, då ei utfylling kan virke negativt inn på attraktivitet og opplevingskvaliteten dersom ikkje tiltak/utfylling blir gjort på ein god måte. Det er og viktig å sikre gjennomføring av friluftstiltak, det bør derfor innarbeidast rekkjefølgjekrav for etablering av delar av turvegen. Figur 17 viser eksisterande situasjon i området pr. september 2018, medan figur 18 illustrerer korleis området kan opparbeidast vidare med innarbeiding av krav til avbøtande tiltak.

Med bakgrunn i at verdi er vurdert å vere middels, og omfang er vurdert å vere middels negativt, vert konsekvens for Friluftsliv/nærmiljø i planområdet samla sett middels negativ, jfr. konsekvensvifte i figur 14.

Konsekvens: Middels negativ (--)

7.6.5 Folkehelse, born og unge, funksjonshemma og eldre, universell utforming

Folkehelse, born og unge, funksjonshemma og eldre, samt universell utforming vil bli vurdert med fokus på tilgjengelegheit og tilkomst til friområde ved Deknepollvatnet. Tilgjenge og tilkomst til området elles blir vurdert under eige tema *Infrastruktur og trafikktryggleik* nedanfor.

Folkehelse er befolkningas helsetilstand og korleis helsa fordeler seg i ei befolkning. Folkehelsearbeid handlar såleis om å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge, forebygge sjukdom og skader, og utvikle eit samfunn som legger til rette for sunne levevanar, beskyttar mot helsetruslar og fremjar fellesskap, tryggleik, inkludering og deltaking (Helsedirektoratet.no).


Tema *Friluftsliv og nærmiljø*, samt *Naturmiljø/naturmangfald* og *Landskap og estetikk*, innehar alle element som er å sjå som viktige i eit folkehelseperspektiv. Desse er vurdert som eigne tema ovanfor, og dannar grunnlaget for ein heilskapleg vurdering av konsekvensar for folkehelse, samt barn og unges oppvekstmiljø/nærmiljø i området.

VERDI

Områder slik som Deknepollvatnet er som tidlegare nemnt ofte viktige områder for rekreasjon og friluftsliv, og såleis viktig i eit folkehelseperspektiv. Det at vatnet og vert nytta som aktivitetsområde av skule og barnehage i området gjev også området ein verdi i forhold til folkehelsa.

Det er ikkje særskilt tilrettelagt for born og unge, funksjonshemma, eldre eller andre folkehelsestiltak innanfor planavgrensing. Der er etablert tilkomst ned til kommunalt pumpehus og til vatnet, frå eksisterande tilkomstveg til næringsområdet. Denne har ikkje universell utforming, men vert nytta som tilkomst til vatnet for mange. Vidare er det etablert gangbru mellom planområdet og neset nord for planområdet, samt at det er etablert/under bygging gangveg på nordsida av vatnet. Gangveg har ikkje universell utforming med omsyn til stigningsforhold.

I eit folkehelseperspektiv er området i utgangspunktet vurdert å ha same verdi som under tema *Friluftsliv og nærmiljø* (liten/middels), men då området innanfor planavgrensing ikkje er særskilt tilrettelagt for born og unge, eller universell utforma for funksjonshemma og eldre, er verdi vurdert lågare og er sett til liten.



OMFANG

Planlagde tiltak med utviding av parkeringsplass er som tidligare sagt, i eit område avsett til friluftslivformål. Den aktuelle delen av friområdet som er tenkt nedbygd vert ikkje nytta til friluftslivformål i dag, men tiltak med utfylling/nedbygging vil hindre eventuell framtidig bruk av delar av dette området. Eksisterande vegtilkomst til pumpehus ligg innanfor område som er tenkt nytta til parkering, ny trase for tilkomst blir derfor flytta nordvest for planlagt parkeringsplass.

Planforslaget legg til rette for å etablere tursti frå næringsområde nord for planområdet til friområde ved pumpestasjonen og vidare austover til pynten på neset. Turstien vil stadvis vere brattare enn 1:15, som er kravet til universell utforming, men vestre del vil i hovudsak kunne støtte krava. Tilkomstvegen til pumpestasjonen vil og ha parti brattare enn 1:15. Denne er gitt hovudformål turveg, men med køyreadgang for drift av pumpehuset, som vil innebere minimal køyring. Planforslaget legg og til rette for tiltak som fremmar friluftsliv i område regulert til friområde (GF).

Med grunnlag i eksisterande situasjon og omfang av planlagde tiltak i området vil planforslaget gi økt tilgjengelegheit til området. Omfang av planlagd tiltak er vurdert å være positivt i eit folkehelseperspektiv, men ikkje tilstrekkeleg universelt utforma. Omfang vert vurdert til middels positivt.



KONSEKVENNS:

Planforslaget legg til rette for å auke tilgjengelegheit og tilkomst til Deknepollvatnet ved at det skal etablerast turveg frå næringsområdet (matbutikk/bensinstasjon) som ligg nord for Måløy Stormarked og til næringsområdet på Myrane og friområdet nedanfor næringsarealet. Planforslaget legg og opp til andre tiltak som fremmar friluftslivet i området.

Sjølv om planforslaget inneber utfylling/nedbygging av areal innanfor dagens friluftsområde, vil samla resultat at planen vere positiv. Det er viktig at utbygging blir gjort på ein god måte, og med stort fokus på overgang mellom utfylling og tilgrensande friområde, då ei utfylling kan virke negativt inn på attraktivitet og opplevingskvaliteten dersom ikkje tiltak/utfylling blir gjort på ein god måte.

Med bakgrunn i kjend kunnskap er verdi vurdert som liten, og skissert omfang vurdert som litt positivt. Konsekvens for Folkehelse, born og unge, funksjonshemma og eldre, samt universell utforming i planområdet blir derfor samla sett Liten positiv, jfr. konsekvensvifte i figur 14.

Konsekvens: Liten positiv (+)

7.6.6 Strandsona, sjø og vassdrag

Tema *Strandsona* vert her vurdert med fokus på nye inngrep knytt til strandsona til Deknepollvatnet, samt evt. verknad av planlagde tiltak for Deknepollvatnet. Naturmiljø og naturmangfald i strandsona, inngår i tema *Naturmiljø/Naturmangfald* som er vurdert ovanfor.

VERDI

Delar av planområdet er i stor grad utbygd, men planen omfattar også strandsona langs Deknepollvatnet og eit friområde i tilknytning til dette. Eksisterande område for Måløy Stormarked er delvis etablert på fylling. Mot nord ligg austre del av denne fyllinga tett i vasskanten, og mot nordvest ligg den relativt nær vatnet. Desse fyllingane framstår i dag som uryddige («røysa fylling»), sjå og tema om landskap og estetikk.

Eksisterande kommunalt pumpehus ligg ca. 8 meter frå vasskanten, med tilkomstveg/snuplass, og vart i 2018 også vidareført fram til vatnet og til ny gangbru. For bustadane som ligg vest for Deknepollvatnet, er det gjort utfyllingar ved opparbeiding av tomt/hage. Desse fyllingane ligg og relativt nære Deknepollvatnet.

Strandsone som inngår i planområdet bærer såleis preg av inngrep i dag, og verdien vert vurdert å vere liten.

Liten	Middels	Stor
▲		

OMFANG

Planforslaget opnar for etablering av fylling i tilknytning til eksisterande parkeringsplass, for utviding av parkeringsarealet. Det utvida parkeringsarealet vil ligge om lag 25 meter horisontalt frå Deknepollvatnet. Det blir og lagt opp til etablering av turveg langs sørvestre del av Deknepollvatnet. Turvegane vil på det nærast ligge ca. 5 meter frå vasskanten, men er andre stader trekt lengre opp frå vatnet. Planen legg såleis til rette for fleire nye tiltak i strandsone til Deknepollvatnet.

Stort positivt	Middels positivt	Lite positivt	0	Lite negativt	Middels negativt	Stort negativt
▲						

KONSEKVENNS:

Utvida fyllingar og tiltak i strandsone, vil vere av negativ betydning i forhold til samla inngrep i strandsone. Det at strandsone allereie er prega av inngrep, vil kunne redusere betydninga. Det bør settast krav om opprydding og utbetring av eksisterande fyllingar i planen, slik at desse framstår med ryddig avslutning. Tilsvarande bør det og settast krav til ryddig og ordna avslutning av nye fyllingar, og vekt på kvalitet og utforming.

Med bakgrunn i at verdi er vurdert som liten, og skissert omfang vurdert som middels negativt, blir konsekvens for Strandsone og vassdrag i planområdet samla sett Liten negativ, jfr. konsekvensvifte fig. 14.

Konsekvens: Liten negativ (-)

7.6.7 Infrastruktur og trafikktryggleik

Rv15 er ein forkøyrregulert nasjonal hovudveg med vegbreidd på 6-7 meter (ca. 6m køyrebanebreidd og varierende skulderbreidd). Det er parallell gang- og sykkelveg (GS-veg) langs vestsida med breidd på ca. 3 meter. Skilta fartsgrense på strekinga er 60 km/t. Sørøver mot Skavøypollen skule, er det eit kort strekk på ca. 250 meter med nedsett fartsgrense til 40km/t.

Eksisterande kryss til Myrane næringsområde ligg på ei rettstrekning i 60-sona. Krysset er i dag utforma utan kanalisering, og er noko trongt for større køyretøy. I tillegg er det to tilkomstvegar som kjem inn i kryssområdet, desse to tilkomstane servar tre av bustadhusa i området.

Langs riksvegen er det tre busshaldeplassar på vestre side og to busshaldeplassar på austre side av vegen i og i nærområdet for reguleringsplanen. Nordre og søre busstopp på vestsida av Rv15, er lokalisert i nærleik til oppmerka gangfelt, medan øvrige busstopp ikkje er lokalisert i tilknytning til overgangsfelt.

Det er etablert samanhengande langsgåande GS-veg langs Rv15 på eit strekk på vel 2 km, inkl. streking som inngår i reguleringsplan. GS-vegen strekker seg frå Evjevegen ved Tennebø søraust for planområdet og til veg 5100 ved Kulen nordvest for planområdet. GS-vegen er spesielt viktig for trygg ferdsel mellom bustadområda og skulane i området; Skavøypoll barneskule og Måløy vidaregåande skule.

Det er i dag lagt til rette for kryssing av riksvegen via oppmerka overgangsfelt ved avkøyring til matbutikk og bensinstasjon nord for planområdet, og ved avkøyring til Skavøypoll skule og barnehage sør for planområdet. Det er vel 550 meter mellom overgangsfelta.

Det er ikkje etablert trygge kryssingspunkt eller samanbindingsledd/-liner for mjuke trafikantar mellom GS-veg langs vestsida av riksvegen og bustader og handelsaktivitet Måløy Stormarked og Myrane, på austsida av riksvegen. Det er såleis heller ikkje kanalisert trygge kryssingspunkt mellom bustadane og busshaldeplassane på vest- og austsida av riksvegen ved kryss til Myrane. Det hendar likevel at fotgjengarar kryssar vegen i området, noko som då skjer tilfeldig og uoversikleg.


Tilkomstveg til Måløy Stormarked og næringsområdet på Myrane, er 4-5 meter brei, utan fortau eller gangareal for mjuke trafikantar. Bebuarane i området opplyser at vegen opplevast utrygg for gåande, spesielt ved passering av store køyretøy.

Det er ein snarveg/sti i bratt terreng frå riksvegen og ned til Myrane i området mellom bustadene og XL-bygg, som er opplyst å vere brukt både av dei som kjem frå bustader og busshaldeplass på austsida i sør, og av dei som kryssar riksvegen frå GS-veg eller busshaldeplass på vestsida ved kryss til Myrane.

Det er utført trafikkvurdering i samband med planarbeidet for Måløy Stormarked (iVest Consult, 15.12.2017), og notat er vedlagt plandokumenta.

VERDI

Området er bra tilrettelagt for gåande og syklande til og frå skulene langs riksvegens vestsida med gang og sykkelveg, og for elevar som nyttar skulebuss. Det er og gjort tiltak med nedsett fartsgrense ved barneskulen, som ligg sør for planområdet. For tilkomst til Måløy Stormarked og mellom nærings-/handelsområdet på Myrane og handelsområdet nordanfor, så er tilrettelegginga pr. i dag dåregare stilt. Størst er utfordringane for dei mjuka trafikantane, der dei må gå i vegbana på den kommunale vegen, og krysse riksvegen i område utan oppmerka overgangsfelt for å kome til gang- og sykkelveg eller busstopp på motsett side av vegen. Det er og utfordringar knytt til eksisterande kryss, som er noko uoversiktleg og i tillegg trongt for større køyretøy. Trafikkmengd i krysset er relativt stor, medan tal mjuke trafikantar som nyttar området i dag er vurdert å vere heller liten. Verdi vert vurdert å vere liten/middels.



Omfang


Utviding av Stormarkedet er venta å føre med seg auka trafikk på den kommunale vegen. Planforslaget legg opp til å betre løysingane for mjuke trafikantar langs den kommunale vegen, ved tilrettelegging av fortau fram til Måløy Stormarked, samt redusert fart til 30km/t. Vidare er det i planforslaget lagt inn utbetring av kryss mellom riksvegen og den kommunale vegen til Myrane, med etablering av trafikkøy, omlegging av dagens bustadtilkomstar ut av kryssområdet og utforming og breidd som gir framkome for vogntog, sjå illustrasjon sporingsanalyse i figur 19.

I Notat med Trafikkvurdering, er det konkludert med at trafikale løysingar langs Rv15 bør løysast etter samla plan for riksvegen der ein ser på trafikksituasjon og løysingar over eit lengre strekk (busstopp, gangveg, gangsoner, overgangsfelt mm). Etter krav frå kommunen, er det likevel lagt inn i planen at eksisterande busslomme på austsida av riksvegen bør flyttast sørover slik at denne kjem ut av siktsona for kryss, samt at det er regulert inn gangveg/gangareal langs riksvegens austsida i basert på løysing og gangvegbreidd frå eldre gjeldande reguleringsplan for området. Dette gangarealet vil kunne knyte saman fortau, gangveg og stiar innanfor planområdet. Dette vil og opne for at det kan etablerast kryssing av riksvegen (overgangsfelt) der gangveg på vestsida av Rv15 kan møte gangveg/gangsoner på austsida, sør i planområdet, sjå fig. 20. Løysingane i planforslaget vil kunne gjere det mogeleg å etablere tryggare trafikk-løysingar langs Rv15 enn i dag, inntil det ligg føre ei samla plan for riksvegen. Til dømes vil fullverdig gang- og sykkelveg langs austsida av riksvegen innebere vesentleg større inngrep i bustadeigedomane i område B, eventuelt også på bygg/konstruksjonar, slik at faktisk behov for og endeleg løysing av gang-/sykkelveg langs austsida av Rv15 bør sjåast på i ein større samanheng, og i høve til ulemper for mellom anna eksisterande bustader. Gjeldande reguleringsplan har ikkje gitt plass til fullverdig gang- og sykkelveg.


Vidare er det i planforslaget lagt inn turveg langs Deknepollvatnet frå området ved Måløy Stormarked og nordover til handels-/næringsområdet på gbnr. 105/63. Denne kan opne opp mogelegheitene for trygg ferdsel langs vatnet, i friluft- og fritidssamheng i snø- og isfrie periodar, og på sikt vere eit supplement til ei evt. permanent heilårsløysing for mjuke trafikantar mellom næringsområda. Samla vil ny reguleringsplan legge til rette for store og samanhengande tiltak for trygg ferdsel for mjuke trafikantar – både mellom Stormarkedet og kollektivtilbod og mellom Stormarkedet og nærings-/forretningsområde i nord, sjå figur 20.

På dette grunnlag er omfang vurdert å vere middels positivt.





Figur 19: Illustrasjon Sporingsanalyse, med vogntog som dimensjonerende køyretøy. Illustrasjon viser framkome for vogntog i regulert kryss med trafikkø (iVest Consult as).



Figur 19: Illustrasjon som viser trygg ferdsel for mjuke trafikantar som planen opnar for mellom riksveg og kjøpesenter og mellom kjøpesenter og forretningsområde nord for plan; nye fortau, gangsoner, turveg, samt moglegeheit for trygg kryssing av riksvegen i møte med eksisterande gangveg (iVest Consult as).

KONSEKVENNS:

Auka trafikk i kryss til Rv15, inneber krav frå Vegvesenet om utbetring av krysset. Planlagt utbetring med kanalisering og utviding av krysset, samt omlegging av tilkomstvegane ut av kryssoområdet, gir meir oversiktleg trafikk situasjon og tryggare trafikk løysing. Etablering av fortau langs kommunal veg, og nedsett fartsgrense, vil og betre trafikktryggleiken vesentleg for mjuke trafikantar. Vidare vil opning for tiltak langs riksvegen med gangsoner på austsida, vere tiltak som betrar trafikktryggleiken for dei gåande, og kan sikre trafikktrygge løysingar med tilknytning til kollektivnettet. Flytting av busslomma mot sør, inneber inngrep i bustadeigedomane i område B, og behov for erverv av grunn, samt omlegging av tilkomst inne på eigedomane. Turveg langs Deknepollvatnet frå Myrane og nordover til handels-/næringsområdet på gbnr. 105/63, vil og kunne gjere ferdsel mellom områda tryggare, sjølv om dette ikkje vert ei heilårs løysing. Med bakgrunn i at verdi er vurdert som liten/middels, og skissert omfang er vurdert som middels positivt, vert konsekvens for Infrastruktur og trafikktryggleik i planområdet derfor Middels positiv, jfr. konsekvensvifte i figur 14.

Konsekvens: **Middels positiv (++)**

7.6.8 Stadutvikling, kjøpesenter

Planlagde tiltak omfattar vidareutvikling av Måløy Stormarked som i dag har forretningar på til saman 7.200 m². Stormarkedet er planlagt supplert med ca. 2.600m² til ein forretningsflate på totalt ca. 9.800 m² inklusive fellesareal.

Måløy Stormarked ligg om lag 3 km frå Måløy sentrum, men Stormarkedet ligg innanfor Måløy tettstad slik det er definert av Statistisk Sentralbyrå (Vista Analyse AS).

I fylkeskommunen sin planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra (godkjent 2017), framgår det at føremålet med planføresegna er å: «sikre at ny handelsverksemd vert lokalisert innanfor, eller i tilknytning til eksisterande by- og tettstadssentra, med god tilgjenge for gåande og syklende og med god kollektivdekking. Det langsiktige målet er å oppnå ei meir berekraftig by- og tettstadsutvikling, avgrense klimagassutsleppa og bidra til at inngrep i landbruks-, natur- og friluftsområde blir redusert.» Med by- og tettstadssentra er det i planføresegna meint sentrumsområda i ein by eller tettstad slik dei er avgrensa i gjeldande kommuneplan, eller sentrumsområde avgrensa i områdereguleringsplan. Vidare er det i planføresegna vedteke at det m.a. i Måløy, kan etablerast kjøpesenter med inntil 11.000 m² bruksareal innanfor område avsett til sentrumsområde.

I samfunnsdelen til Vågsøy sin kommuneplan frå 2013 er Måløy sentrum definert til å omfatte bykjernen. Den fastsette grensa i samfunnsdelen viser at Deknepollen ikkje er ein del av bykjerna. Dette gjer at sjølv om tiltaket sin storleik er i samsvar med retningslinjene i fylkesdelplanen for arealbruk, vil tiltaket likevel ikkje vere i samsvar med fylkesdelplanen fordi det ligg utanfor sentrumsområde. Planarbeidet er derfor i strid med Fylkesdelplan for arealbruk.

Det er gjennomført Handels- og sentrumsanalyse for Måløy (Vista Analyse AS, 11.01.2017) i samband med reguleringsplanarbeidet for Måløy Stormarked, og rapport er vedlagt plandokumenta. Denne peiker på problemstilling knytt til fylkets/departementet sine planføresegner («kjøpesenter-stoppen»), Vågsøy sin definisjon av sentrum og utfordringar med plasskrevjande handel innanfor definert sentrumsområde (bykjernen i Måløy), konsekvensar for Måløy, handelslekkasje ut av kommunen (til m.a. Eid, Stryn og Førde) og handelslekkasje ut av regionen.

Fylket sine planføresegner har som formål å styrke handelsverksemd innfor by- og tettstadssentra. I handelsanalysen frå Visa Analyser as, er det peikt på og konkludert med at Måløy Stormarked er eit viktig tiltak i høve styrking av handelsverksemd innanfor Måløy tettstad og innanfor Vågsøy kommune. Det er vist til at Stormarkedet har ei viktig rolle ved at Vågsøy pr. i dag har bra handelsdekning og at det enno er relativt avgrensa handelslekkasje ut frå kommunen. Vidare er det peikt på at sterk konkurranse frå Eid, som er innan rimeleg reiseavstand, er ei viktig utfordring. Stryn og Førde er og peikt på som konkurrentar, men med større avstand, der Førde er vist som regionsenter i handelssamanheng. Det er vist til at det er tydelege endringar i handelomsetnaden i regionen, men at Vågsøy enn så lenge står sterkt og opprettheld sin posisjon som handelsstad. Utvikling av etablert kjøpesenter i Deknepollen er i analysen peikt på som ei god mogelegheit for å stogge/hindre handelslekkasje ut av kommunen.

I handelsanalysen er det spesielt vist til at etablering av kjøpesenter i bykjernen i Måløy, ikkje vil bidra til sentrumsutvikling slik myndigheitene har som målsetting. Det er vist til at Måløy sentrum bør utviklast med andre ambisjonar enn at handel skal danne grunnlaget, då handel aleine ikkje skaper eit vitalt sentrum. For auka vitalitet i sentrumskjernen peiker analysen på at det må vere mange funksjoner til stades, og som samla kan skaper myldring og vitalitet; så som bustader, kontorarbeidsplassar, skuler, kultur, nisjehandel, servering, utvalsvarer/småhandel, service, tenesteyting og aktivitetar.

Analysen viser vidare til at dei nye handelskonseptane ligg i store bygg. Desse handelskonseptane bidreg til redusert handelslekkasje, men er som nemnd lite eigna for sentrumslokalisering og bidreg heller ikkje til sentrumsutvikling, då dei ikkje skapar møteplassar i gateplan, men heller «stenger sentrum ute» med avvisande fasadar og store parkeringsbehov/-flater. Det er vidare vist til at lokalisering av handelskonsept i store bygg i bykjernen, vil gi auka bilbruk og klimagassutslepp i sentrum. Det er i handelsanalysen vurdert at det vil vere om lag like mange kundar frå aust som frå vest til kjøpesenteret, og at kundegrunnlaget austfrå vil få lengre transport ved lokalisering i bykjernen. Lokalisering i Deknepollen vil vere gunstigare klima- og transportmessig, samt at trafikkavvikling vil vere enklare enn i bykjernen. Etablering av handelsklynge av prisgunstige varer er i analysen også vurdert som god arealstrategi, då samlokalisering gir redusert bruk av privatbil fordi kunden får fleire varer på same staden.

I handelsanalysen er Statistisk sentralbyrå sin definisjon av Måløy tettstad vist til som gunstig, for å gi plass til eit breitt handelstilbod sentralt tilgjengeleg for heile kundegrunnlaget – både småhandel, nisjehandel og liknande i bykjernen i Måløy og store handelsbygg innanfor tettstaden Måløy. Det er konkludert med at utvikling av Måløy Stormarked i Deknepollen ikkje vil ha negative verknader for handelen i Måløy sentrum, men heller positive verknader for å minske handelslekkasje mot Eid, Stryn, Førde og andre stader.

VERDI

Måløy Stormarked er i dag viktig for handelen i Vågsøy, og handelstilbodet ved Stormarkedet har vist seg å vere levedyktig og attraktivt. Måløy Stormarked har i dag sport, tekstil, møbler elektro, samt tilbod innan breitt vareutval, samt ein kafé. Stormarkedet ligg innanfor Måløy tettstad, sentralt lokalisert for heile kundegrunnlaget (frå Seljeområdet i nord, Tennebø m.fl i aust og Måløy, Raudeberg, Holvik m.fl. i vest). Stormarkedet er lett tilgjengeleg med bil, men kan og nåast for kollektivreisande, gåande og syklande. Det er gang- og sykkelveg langs riksvegen, og busstopp ved riksvegen i kort avstand frå Stormarkedet. Under tema infrastruktur og trafikktryggleik ovanfor, er dei trafikale forholda vurderte. Dagens parkeringsdekning ved Stormarkedet er noko låg i periodane når kundetilstrøyminga er størst.

Dekningsgrad for handel i Vågsøy viser at det framleis er import av kjøpekraft i Vågsøy, medan den går ned i regionen, noko som viser at stadig større del av handelen som før skjedde i regionen no skjer andre stader (Vista Analyser as) Handelsanalysen viser og til at Vågsøy har den høgste snittomsetnaden målt pr innbyggjar i handelsregionen, og ligg over landssnittet. Medan dei fleste kommunane i handelsregionen går ned i snittomsetnad, så held Vågsøy oppe sin posisjon som handelsstad. Trender viser at einiskilde vareslag er på retur i kommunen, medan det innanfor andre vareslag (t.d. daglegvarer) er venta vekst.

Det at Måløy Stormarked er lokalisert i Deknepollen, gir gode moglegheiter for etablering og utvikling av småhandel, nisjebedrifter, kultur, sosiale møteplassar, servering m.m. i Måløy sentrum, og frigir areal i sentrum som kan nyttast til å skape eit vitalt og levande sentrumsområde.



Omfang

Tiltaket omfattar vidareutvikling av Måløy Stormarked i Deknepollen, frå 7.200 m² til 9.800 m² inklusive fellesareal, som inneber ei avgrensa utviding av kjøpesenteret med 2.600m². Planforslaget legg og opp til utviding av parkeringsareal, både for å betre dekninga i periodar med stor kundetilstrøyming, og for å møte behov for parkering for det utvida arealet.

I planforslaget er det vidare lagt inn fortau og turveg for å legge betre til rette for gåande og syklende til og frå handelsområdet og mot busshaldeplass, samt utbetringstiltak for kryss. Sjå tema infrastruktur og trafikktryggleik ovanfor, er dei trafikale forholda er vurderte.

Lokalisering av Stormarkedet og utvidinga ved Deknepollen vil i høve transportbehov, minimalisere tal personkilometer fordi området ligger lett tilgjengeleg for alle kundar i nedslagsfeltet. Anslagsvis kjem like mange kundar frå aust som frå vest, der Deknepollen ligg sentralt lokalisert.

Utviding av Måløy Stormarked vil styrke handelssenteret sin mogelegheit for å vere levedyktig og attraktivt for lokal handel. Utvidinga vil bidra til at Vågsøy framleis kan halde oppe omsetnad og dekningsgrad for handel i kommunen. Det er venta at tiltaket omfattar vareslag som anten er på retur i kommunen eller er innan forretningar der det er venta vekst (daglegvarer). Ei utviding er såleis vurdert å kunne redusere omfang/fare for handelslekkasje ut av kommunen.

Ut frå handsanalysen vil utviding av handelssenteret i Deknepollen medføre lite/minimal endring/omfang av utviklingsmoglegeheiter for Måløy sentrum.



KONSEKVENNS:

Planforslaget legg opp til å styrke og utvide/utvikle eit handelstilbod som er etablert i dag, og legge betre til rette for parkeringsforhold og for infrastruktur i området. Området vil såleis verte lettare tilgjengeleg både med bil og for gåande/syklende og for kollektivreisande, og vil framleis ligge sentralt for kundegrnlaget. Konsekvens for Måløy Stormarked vil isolert sett, vere særst positiv.

Utviding av Stormarkedet vil også gjere Vågsøy kommune meir rusta til oppretthalde dekningsgrad og handelsomsetnad. God dekningsgrad og omsetnad, der også tiltaket er venta å omfatte vareslag som anten er på retur i kommunen eller innan forretningar med vekst, vil og virke positivt for å unngå handelslekkasje ut av kommunen. Såleis vil tiltaket ha ein positiv konsekvens også for kommunen. Det er ikkje venta at tiltaket vil konkurrere ut butikkar i Måløy sentrum, og tiltaket vil såleis ikkje medføre negative konsekvensar for Måløy sentrum.

Utviding av Stormarkedet i Deknepollen, vil i høve transportbehov, minimalisere tal personkilometer fordi området ligg sentralt tilgjengeleg for alle kundar i nedslagsfeltet. Tilrettelegging for at det vert lettare framkome for mjuke trafikantar, kan og ha positiv effekt for transportbehovet, men er ikkje venta å representere vesentleg effekt med eit avgrensa kollektivtilbod, og handelstilbod som er mykje tufta på

bilbruk. Fleire kundar kan gi meir transport, men med sentral plassering i høve kundegruppa, vil denne transportauken vere minimal. Transportauken kan og verte minimal ved at kundegruppa får fleire varer på same stad (handelsklynge). Transportmessig konsekvens av utviding i Deknepollen er såleis vurdert å vere mindre enn viss utvidinga skulle verte lokalisert annan stad. I høve ingen utviding av kjøpesenteret, vil fare for handelslekkasje ut av kommunen vere større, noko som ville ført til meir transportbehov enn ved ei utviding av senteret. Utviding er såleis også vurdert å ha mindre negativ konsekvens for transportbehov, enn ingen utviding.

Med bakgrunn utarbeidd handelsanalyse for Måløy er verdi vurdert som middels, og skissert omfang vurdert som middels/stort positivt. Konsekvens for Stadutvikling, kjøpesenter i planområdet blir derfor Middels positiv, jfr. konsekvensvifte i figur 14.

Konsekvens: *Middels positivt (++)*

7.6 Samla Konsekvens

I konsekvensutgreiinga er det konkludert med at realisering av Detaljreguleringsplan for Måløy Stormarked vil ha frå lite/middels negativ konsekvens (friluftsliv) til middels positiv konsekvens (infrastruktur og stadutvikling). Samla konsekvens av forslag til Detaljregulering, utan avbøtande tiltak, vil vere ingen/liten negativ konsekvens i området, slik:

TEMA	KONSEKVENNS
Landskap og estetikk	-
Naturmiljø/Naturmangfald	0
Kulturmiljø	0
Friluftsliv og nærmiljø	--
Folkehelse, born og unge, funksjonshemma og eldre, universell utforming	+
Strandsona, sjø og vassdrag	-
Infrastruktur og trafikktryggleik	++
Stadutvikling, kjøpesenter	++
Samla konsekvens (utrekna i snitt)	0 / -

7.8 Forslag avbøtande tiltak

For tema som kjem ut med negativ konsekvens i konsekvensutgreiinga, er det tilrådd avbøtande tiltak. Tabell nedanfor synar vår vurdering av forventa effekt ved iverksetting av tilrådde avbøtande tiltak for å motverke negativ konsekvensar for planforslaget.

TEMA	AVBØTANDE TILTAK	FORVENTA EFFEKT
Landskap og estetikk	Krav om estetisk tilnærming, god landskapstilpassing, og god materialbruk, for å heve dei estetiske kvalitetane på staden og skape eit landskapsrom som er godt å vere i. Innarbeidd i føresegn § 2.2	Stor effekt
	Stille krav om opprydding og utbetring av eksisterande fyllingar i planen, slik at desse framstår med ryddig avslutning, og tilsvarande for nye fyllingar. Innarbeidd i føresegn § 2.10.2, 4.6.4 og 7.1.1.	Svært stor effekt
Friluftsliv og nærmiljø	Krav om at utbygging blir gjort på ein god måte, og med fokus på overgang mellom utfylling og tilgrensande friområde, for å sikre attraktivitet og opplevingskvaliteten i friområdet. Innarbeidd i føresegn § 4.6.4, 7.1.1 og 2.10.2	Svært stor effekt
	Innarbeide rekkjefølgjekrav for etablering av delar av turveg GT mellom området på Myrane og mot næringsområdet nord for Myrane. Innarbeidd i føresegn § 2.10.1 og 2.10.3.	Svært stor effekt
Strandsone, vassdrag	Stille krav om opprydding og utbetring av eksisterande fyllingar i planen, slik at desse framstår med ryddig avslutning, og tilsvarande for nye fyllingar. Innarbeidd i føresegn § 2.10.2, 4.6.4 og 7.1.1.	Stor effekt

8. INNKOMNE MERKNADER VED PLANOPPSTART OG HØYRING AV PLANPROGRAM

I oppstartsfasen av planarbeidet, ved kunngjøring av planoppstart og høyring av planprogram (02.02. – 15.03.2016), kom det inn 10 innspel og merknader. Desse fordelar seg med 4 frå private partar, og 6 frå offentlege instansar/andre. Innspel og merknad i forhold til Planprogram er merka i *Kursiv*.

I samband med varsling av utvida planområde (12.04-03.05.2016), kom det inn 5 innspel; 3 frå private partar og 2 frå offentlege instansar/andre. Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er som følgjer:

Innspel frå varsling 2. februar 2016, med høyring av forslag til planprogram:				
Innspel frå:	Dato	Gbnr	Innhald i merknad	Vurdering
Holvik Eiendom AS	05.02.2016	108/122	<ul style="list-style-type: none"> • Viktig at avkjørsel til Rv15 blir dimensjonert til å ta unna auke i trafikk, og betre dei trafikale forholda der. • Viktig at eksisterande bekkefar blir holdt opne eller lagt i rør, slik at avrenning av overflatevatn/drenering vert opprettheldt slik som i dag. 	<ul style="list-style-type: none"> • Imøtekome i planforslaget. • Krav til handtering av overvatn i planforslaget
Pål Dale, Jannicke Rakkenes, Knut og Reidun Hunskaar, Jon og Anita Vemmålsvik	17.02.2016	107/23 107/25 107/24	<ul style="list-style-type: none"> • Ynskjer ikkje at vegen skal ligge slik den gjør i dag, og at det vert satt opp levegg mot innsyn og støy. • Utkjørsel frå eigendommene er eit faremoment grunna dårleg sikt og høg fart. Ynskjer farten nedsett frå 50km/t til 30km/t, fartsdumpar og speil. • At sving i eksisterande avkjørsel frå Rv15 er vanskelig for større køyrety, vegen er smal og ved møtande trafikk må køyrety utanfor vegbane. Manglar fortau. • Avkjørsel frå Rv15 kan trekkast lenger sør. Evt. kan ny avkjørsel leggest over eigendommen til XL Bygg i sør. • Informerer om at kommunestyret har diskutert etablering av rundkjøring i krysset nord for avkjørsel til Måløy Stormarked (ved Kiwi, busstasjon etc.), og nyttast som alternativ tilkomst til senteret. • Informera om at området langs vatnet er eit flott turområde og vert nytta av skule og barnehage, og bør derfor ikkje rørast. • Orienterer om forsøpling kring senteret, og at dette ikkje vert rydda opp. 	<ul style="list-style-type: none"> • Kryss er tilrådd utbetra. Detalj-utforming vert avklara ved detaljprosjektering. • Utkjøring er tilrådd utbetra i planforslaget, og fart tilrådd redusert. • Tilrådd utbetra i planforslag. Fortau innarbeidd i plan. • Flytting er vurdert, men ikkje funnet akseptabel, ut frå samla vurdering. • Ligg utanfor denne plan. • Planforslaget legg til rette for friluftaktivitetar i friområdet. • Planforslaget sett krav om opparbeiding av grøntområde/opprydning av skråning ved senteret
Knut Hunskaar	04.03.2016	107/25	<ul style="list-style-type: none"> • Opplever avkjørsel frå Rv15 som utrygg, og meina den opphavleg vart opparbeidd for å serve bare nokon få husstanda. • Ynskjer å flytte avkjørsel mot sør for å betre sving, og etablere sykkel- og gangsti. Syna til skisse. • Meiner kapasitet på veg er sprengt, og at vegen har for høg fartsgrense som i tillegg ikkje vert overheldt. Etterspør speil og fartsdumparar. • Nemnar rundkjøring i krysset til Kiwi og ny tilkomst til husa deira frå der. • Er ikkje negativ til utviding opp til 10000m², men er redd evt. behov for seinare utbygging. 	<ul style="list-style-type: none"> • Kryss er tilrådd utbetra. Detalj-utforming vert avklara ved detaljprosjektering. • Flytting er vurdert, men ikkje funnet akseptabel, ut frå samla vurdering. • Fart er tilrådd redusert, og mindre utbering av vegbreidd, samt fortau innarbeidd i planforslag. • Ligg utanfor denne plan. • Planforslag opnar for inntil 10.000m².
Helge Hjelle	10.03.2016		<ul style="list-style-type: none"> • Meina at det ikkje burde opnast for vidare utviding av senter, då serleg i område tidlegare regulert som friområde. Ei utbygging vil «øydelegge» Måløy sentrum. • Meina eksisterande etablering har vore uryddig. 	<ul style="list-style-type: none"> • Planforslaget tilrår utviding. Handelsanalyse for Måløy viser at utviding i Deknepollen ikkje vere på bekostning av Måløy sentrum. • Planforslaget sett krav om opparbeiding av grøntområde/opprydning av skråning ved

			<ul style="list-style-type: none"> • Utbygging i friområde og auke i trafikk vil vere negativt for bukvalitetane i området. 	<p>senteret</p> <ul style="list-style-type: none"> • Krav til utføring vil kunne dempe evt. ulemper for bukvalitet
NVE	10.03.2016		<ul style="list-style-type: none"> • At fareområde må innarbeidast som omsynssone, og ha tilhøyrande føresegn som sikrar akseptabel tryggleik i samsvar med tryggleikskrav i TEK10. • Oppmodar om at planframlegg sikrar ålmente tilgjenge til, og ferdsel langs vatnet. 	<ul style="list-style-type: none"> • NVE har i ettertid fått utført skredfarevurdering i området (Sweco 2017). Denne er lagt til grunn for planforslaget. • Er innarbeidd i planforslaget.
Statens vegvesen	10.03.2016		<ul style="list-style-type: none"> • Etter planlagt utbygging er det forventa auke i trafikk til området. Syna til tema skal utgreiast i vidare planarbeid, og forventar at dette vert gjort i samsvar til Planprogram og etter gjeldande regelverk/vegnormal. 	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeidd eigen trafikkvurdering til planarbeidet (notat, vedlegg til plan). Planforslag samsvarar med tilråding i notat.
Skavøypoll Idrettslag SIL	12.03.2016		<ul style="list-style-type: none"> • Viser til korrespondanse med Vågsøy kommune vedr. moglegheit for å kunne etablere tursti på austsida av Deknepollvatnet (saksnr. 09/578). Viktig at ny utbygging ikkje hindrar framtidig utbygging av tursti langs vatnet. • Foreslår ny tilkomstveg til pumpestasjon, og at denne kan nyttas som gangveg mellom KIWI og Stormarkedet. • Meina etablert fylling hindrar ferdsel i LNF-område og framtidig tursti rundt vatnet. • At dersom det skal etablerast parkeringsplass i LNF-område må dette kompenseras ved å legge mest mogleg til rette i resterande LNF-område innanfor planavgrensing. • Er positive til planlagt utbygging, men ser det som viktig at framtidig moglegheit for etablering av tursti vert ivaretatt i planarbeidet. 	<ul style="list-style-type: none"> • Teke omsyn til i planforslaget. Innarbeidd turveg langs vatnet innanfor planområdet. • Er innarbeidd i planforslaget • Krav om opprydding av eksisterande fylling. Plan gir plass til evt. tursti i området. • Det er innarbeidd krav til etablering av turveg, samt opna for friluftstiltak. • Er ivareteke i planforslag.
Kultur, Sogn og Fjordane Fylkeskommune.	15.03.2016		<ul style="list-style-type: none"> • Vurdera området til å ha begrensa potensiale for automatisk freda kulturminne. • Noterar seg at det skal vere fokus på god landskapstilpassing av tiltaka. • Ingen vidare merknad til planoppstart. 	
Plan- og samfunnsavdelinga, Sogn og Fjordane Fylkeskommune.	16.03.2016		<ul style="list-style-type: none"> • Syna til pågåande arbeid med rullering av fylkesdelplan for arealbruk, der det er kome konkret innspel på oppheving av arealbegrensing på utbygging av kjøpesenter i Måløy og Sandane. • Orienterar om utarbeidd Planprogram for områderegulering for Måløy sentrum, og utarbeidd grunnlag som stadanalyse for Måløy i forbindelse med dette arbeidet. <p><u>Planprogram:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Planprogram syna samla storleik etter utviding, men ikkje kor stor planlagt utviding er i høve dagens senter, eller kva type varer som er tenkt opna for. • At konsekvensar tiltak vil ha for Måløy sentrum, handel og trafikkavvikling, må vere hovudtema i planarbeidet, og at det skal utarbeidast ei handelsanalyse som grunnlag i dette arbeidet. • Ynskjer at Planprogram skal syne eit opplegg for medverknad. 	<ul style="list-style-type: none"> • Planforslag vurdert i høve ny planføresegn, godkjent i 2017. • Er teke til orientering. <p><u>Planprogram:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Storleik er presisert i plan. Varetype ikkje avklart pr. dd. • Handelsanalyse er utført, og vedlagt planforslag. • Planprogram viser planprosess og opplegg for medverknad.
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	17.03.2016		<p><u>Planprogram:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Saknar opplegg for korleis informasjon om planen og planarbeidet betre kan nå ut 	<p><u>Planprogram:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Planarbeid og høyring av Planprogram er varsla i tråd med

			<p>til folk.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ynskjer ei vurdering av kva konsekvensar utviding av senter har for eksisterande næringsverksemd i Måløy sentrum. • Syna til Fylkesmannen sitt generelle skriv for merknad til oppstart av reguleringsarbeid. <p><u>Miljøvernavdelinga:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Syna til forskrift om «Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre» og Fylkesplan for arealbruk for Sogn og Fjordane. • At avgrensing av Måløy sentrum ikkje er avklart og må definerast ved revisjon av kommuneplan. Varslar motsegn mot planforslag som legg opp til tiltak i strid med fylkesplanen. • Rår til at det etablerast parkering inni bygg. <p><u>Beredskapsavd.:</u></p> <p>Viktig at tema for ROS-analysen ikkje vert avgrensa og syna til sjekklister i reguleringsplanrettleiar. ROS-analyse må også vurdere konsekvensar ved klimaendringane, som til dømes auke i nedbørmengde og intensitet.</p> <p><u>Landbruksavd:</u></p> <p>Har ingen landbruksfaglege innspel eller merknadar til planarbeidet.</p>	<p>krav. Det er ikkje vurdert behov for utvida varslings.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Handelsanalyse er utført, og vedlagt planforslag. • Er vurdert i planarbeidet. <p><u>Miljøvernavdelinga:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Er vurdert i planarbeidet. • Er vurdert i planarbeidet, og i handelsanalyse for Måløy. • Er vurdert i planarbeidet, men alternativ er ikkje tilrådd ut frå ei samla vurdering både teknisk, funksjonelt og økonomisk. <p><u>Beredskapsavd.:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Er nytta sjekklister basert på mal for ROS frå Vågsøy kommune. Klimaframskrivingar er inkludert i utført ROS. <p><u>Landbruksavd:</u></p>
--	--	--	---	---

Innspel frå utvida varslings 12. april 2016:

Innspel frå:	Dato	Gbnr	Innhald i merknad	Vurdering
Norges Handikapforbund	27.04.2016		Synar til lovar og reglar om Universellutforming, og legg til grunn at dette blir følgt opp under planlegging og utvikling.	• Er følgt opp i planarbeidet.
John Blålid	28.04.2016	107/1	Ynskjer området sitt innløyst, og at dette blir gjort før planarbeidet startar.	• Evt. innløyning/kjøp kan vurderast etter godkjent plan. I planforslag er området foreslått som friområde i privat eige.
John Helge Vemmelsvik	01.05.2016	107/24	Har ingen innvendingar mot gangsti langs vatnet, men ynskjer at den blir lagt nærme vasskanten og ikkje nær bustadane, då han meina ferdsel langs stien vil forringe bustadens bruk.	• Trase for gangsti er vurdert i planarbeidet, der ein vurderar tilrådd trase å vere best i høve terreng, linjeføring og framkomelegheit.
NVE	02.05.2016		Syna til tidlegare innspel datert 10.03.2016 der de oppmoda om å legge opp til ein arealbruk som sikrar ålmenta tilgjenge til, og ferdsle langs, vatnet. Syna til vassressurslova §11 om kantvegetasjon, og til at breidda på vegetasjons beltet kan fastsetast i reguleringsplanen.	• Sjå vurdering ovanfor. • Det er ikkje sett av eige vegetasjonsbelte langs vasskanten, men området er regulert til friområde, og turveg er trekt opp frå vasskanten.
Helge Hjelle	03.05.2016 (brev datert 10.03.2016)		Same merknad som ved fyste varslings	• Sjå vurdering ovanfor

9. PLANDOKUMENT / VEDLEGG

Forslag til detaljreguleringsplan til offentlig høyring, er samansatt av følgjande dokument:

Plandokument:

- Planomtale med konsekvensutgreiing og ROS-analyse, datert 29.01.2018, sist revidert 11.10.2018 (Rev. 2)
- Føresegner, datert 29.01.2018, sist revidert 11.10.2018 (Rev. 2)
- Plankart i målestokk M 1: 1000 (A1-format), datert 29.01.2017, sist revidert 11.10.2018 (Rev. 2)

Vedlegg:

1. Handels- og sentrumsanalyse for Måløy, Vista Analyser as, datert 11.01.2017
2. Trafikkvurdering Måløy Stormarked, iVest Consult as, Notat datert 15.12.2018
3. Støyfaglig utredning Måløy Stormarked, Multiconsult as, datert 28.06.2018
4. Illustrasjon landskapsverknad og estetikk, Nosituasjon og Framtidig situasjon, iVest Consult datert 04.10.2018
5. Lengdeprofil veg, parkering og gangveg, to snitt sørleg – nordleg retning, iVest Consult datert 04.10.2018

10. REFERANSER

Opplysningar og data i dette dokumentet, er henta frå:

Lover og forskrifter

[Plan- og bygningslova](#)

[Lov om forvaltning av naturens mangfold](#)

[Teknisk forskrift og veiledning](#)

Internettider:

- Sogn og Fjordane Fylkeskommune: <http://www.sfj.no>
- Fylkesatlas: <https://www.fylkesatlas.no>
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap: <http://www.dsb.no/>
- Naturfare: www.skredatlas.nve.no
- Klima og vær: www.senorge.no
- Trafikkinformasjon og -vurderingar: Statens Vegvesen sine nettsider: www.vegvesen.no
- Miljøstatus: Fylkesatlas Sogn og Fjordane: <http://www.fylkesatlas.no>
- Kulturminner: www.kulturminnesok.no
- Geologi: <http://geo.ngu.no/kart/berggrunn/> og <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/>
- Arealinformasjon: <http://kilden.skogoglandskap.no>
- Kommunale planar, reguleringsplanar mv <https://vagsoy.kommune.no/>
- Gjeldande regleverk, lover og forskrifter: www.lovdatabanken.no/
- Artsinformasjon: <http://www.artsdatabanken.no/>
- [Natur: http://kart.naturbase.no/](http://kart.naturbase.no/)
- Klimaendringar: www.klimaservicesenter.no

Litteratur:

[Veileder til retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen T-1442/2012](#)

[Grad av utnytting](#)

[Konsekvensanalyser v712](#)

[DSB: Risiko, sårbarhet og bredskap](#)

[Risiko- og sårbarhetsanalyse for Sogn og Fjordane](#)

[Nedlasting data NVE](#)

Forskrift om konsekvensutredninger, 2015

NVE, rapport 36/2017, Skredfarekartlegging i Vågsøy kommune (Sweco, 2017)

Vista Analyser as, 2017, Handels- og sentrumsanalyse for Måløy

iVest Consult as, 2017, Trafikkvurdering Måløy Stormarked.

Multiconsult as, 2018, Støyfaglig utredning Måløy Stormarked
Vågsøy kommune sine akseptkriteria og mal for Ros-analyse, godkjent 29.01.2015, sak K-004/15
Norsk Byggtjeneste/Byggfaktagruppen, Byggekostnader for 3.kvartal 2016
Norsk Prisbok (Norconsult).



Strandgata 15 - N-6900 Florø - Norway
T: +47 9762 7000 - F: +47 5775 2990
Epost: post@investconsult.no
www.investconsult.no